



# Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statlege forventningar  
til kommunane

2026



## Innhold

1	Utfordringar i Vestfold og Telemark.....	5
1.1	Samfunnstryggleik og beredskap .....	5
1.1.1	Styring og kriseleiing.....	5
1.1.2	Trygge og robuste lokalsamfunn .....	6
1.2	Demografi.....	6
1.2.1	Kommuneøkonomi .....	7
1.2.2	Kapasitet og kompetanse .....	8
1.3	Ungt utanforskap .....	8
1.4	Klimaomstilling .....	9
1.5	Oslofjorden.....	10
2	Statlege forventningar til kommunane .....	11
2.1	FNs berekraftsmål.....	11
2.2	Rettstryggleik og god forvaltning.....	12
2.2.1	Spesielle forventningar på utvalde område .....	12
2.3	Forsvarleg arbeidsmiljø og HMS-arbeid .....	13
2.3.1	Tilrettelegging og implementering av systematisk HMS-arbeid .....	13
2.3.2	Psykososialt arbeidsmiljø.....	14
2.3.3	Krav om å førebygge vald og truslar.....	14
2.3.4	Opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og truslar.....	14
2.3.5	Systematisk HMS-arbeid for å førebyggje personskadar og ulykker .....	15
2.3.6	Arbeidslivskriminalitet .....	15
2.4	Samfunnstryggleik og beredskap .....	16
2.4.1	Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid .....	16
2.4.2	Evaluering etter øvingar og uønskte hendingar.....	17
2.5	Kommuneøkonomi.....	17
2.5.1	Planlegging av økonomi og tenester .....	17
2.5.2	Bruk av styringsdata .....	18
2.6	Oppvekst .....	18
2.6.1	Skole .....	18
2.6.2	Barnehage .....	19
2.6.3	Barnevern .....	20
2.7	Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester .....	22
2.7.1	Helse- og omsorgstenester og folkehelse.....	22

2.7.2 Sosiale tenester i Nav.....	26
2.7.3 Bustadsosialt arbeid .....	27
2.7.4 Husbanken .....	27
2.8 Integrering.....	28
2.9 Utsette barn og familiar .....	28
2.10 Miljø.....	30
2.10.1 Natur .....	30
2.10.2 Forureining .....	30
2.10.3 Vassforvaltning .....	31
2.11 Landbruk.....	32
2.11.1 Konesjon.....	32
2.11.2 Driveplikt .....	32
2.11.3 Tilskotsforvaltning og kontroll .....	33
2.11.4 Næringsutvikling .....	33
2.11.5 Ungskogleie .....	34
2.11.6 Bruer i skogsbilvegnettet .....	34
2.12 Arealplanlegging.....	34
2.12.1 Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet .....	35
2.12.2 Nye statlege planretningslinjer for klima og energi .....	35
2.12.3 Planvask .....	35
2.12.4 Revidert rundskriv om motsegn på miljøområdet.....	36
2.12.5 Jordvern i arealplanlegginga .....	36
2.12.6 Naturmangfald i arealplanlegginga .....	37
2.12.7 Villrein i arealplanlegginga.....	38
2.12.8 Strandsona langs sjø .....	38
2.12.9 Gravplass i arealplanlegginga .....	38
2.13 Samferdsel .....	39
2.14 Gravplass.....	39
2.15 FN-konvensjonen om menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).....	40
2.16 Likestilling.....	41
3 Dialog og samarbeid .....	42

## Forord

Stat og kommunar er tett integrerte. Kommunane gjer ein formidabel jobb både på vegne av egne innbyggjarar og på vegne av staten.

Utgangspunktet for dette dokumentet, òg kalla «forventningsbrevet», er nettopp den tette koplinga mellom staten og kommunane. Føremålet er å legge til rette for effektiv styringskommunikasjon, mellom anna ved å klargjere ansvaret til kommunane og det lokale handlingsrommet.

I brevet formidlar vi styringssignal gitt gjennom m.a. lover, forskrifter, stortingsmeldingar og deira handsaming, rikspolitiske retningslinjer, rundskriv, statsbudsjett, dei tilhøyrande tildelingsbrev til statsetatane og kommuneproposisjonen. I tillegg til Statsforvaltarens fagavdelingar, har andre regionale statsetatar som t.d. Arbeidstilsynet (kap. 2.3), Husbanken (kap 2.7.4) og Statens Vegvesen (kap 2.13) bidrege i dokumentet.

Forventningane er utforma enten som krav/pålegg (må/skal) eller prioriteringssignal. Dette skiljet er sentralt, for å gjere tydeleg det kommunale handlingsrommet. Krav/pålegg er derfor merka særskilt.

Forventningsbrevet erstattar ikkje den løpande kommunikasjonen mellom staten og kommunane, men er eit årleg forsøk på å gi betre oversikt, heilskap og samanheng på strategisk nivå. Ved eventuelle vesentlege endringar gjennom året vil kommunane bli særskild informerte.

Brevet er heller ikkje ei fullstendig oppgåveliste. Det sentrale er nye eller justerte krav til kommunane og høgt prioriterte oppgåver, statlege satsingar, jf. mellom anna konsultasjonsordninga, og dessutan område der det er ønskeleg at resultatane til kommunane blir betre.

Vi oppmodar kommunane om å gi oss tilbakemeldingar om korleis vi kan gjere forventningsbrevet til eit enda betre hjelpedokument.

25. august 2025

Trond Rønningen

statsforvaltar i Vestfold og Telemark

# 1 Utfordringar i Vestfold og Telemark

Kommunane har i fleire år synt ei framifrå evne til omstilling, innsats og til å finne løysingar. Denne evna er det trong for òg i tida som kjem, for utfordringane står i kø. Det blir ikkje minst krevjande for mange kommunar å sørge for at ressursane til tenesteproduksjon framover blir tilpassa endringane i innbyggjarane sine behov, når delen eldre aukar. I dette kapittelet omtalar vi nokre utfordringar kommunane særskilt bør vere merksame på framover.

## 1.1 Samfunnstryggleik og beredskap

6. mai 2025 blei totalberedskapsmeldinga handsama i Stortinget, som vedtok å be regjeringa gjennomføre ei rekke tiltak for å betre beredskapen. I meldinga beskriv regjeringa den alvorlege sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa.

Digitaliseringa av samfunnet, bruk av sosiale media og utviklinga av ny teknologi som kunstig intelligens utfordrar sikkerheit og beredskap. Klimaendringane aukar risikoen for naturfare her heime og kan forsterke migrasjon og konflikhtar globalt.

I møte med denne samfunnsutviklinga må vi styrke den samla forsvarsevna. Det sivile samfunnet må vere førebudd på krise og krig og utvikle eit samfunn som understøttar militær innsats og som motstår samansette truslar. I dette ligg det å planlegge for å møte krigshandlingar i Noreg og hos våre allierte.

Dette krev ei breidde av tiltak; regulering, finansiering, rettleiing, samarbeid og eigenberedskap. Summen av tiltak på ulike nivå skal bidra til bevisstgjerung, kunnskap og felles situasjonsforståing og gjere oss betre førebudd som samfunn.

8. mai 2025 blei Nasjonal sikkerheitsstrategi lagt fram. Strategien presenterer seks grunnleggande sikkerheitsinteresser:

- Eit fritt og sjølvstendig Noreg
- Eit sterkt demokrati
- Eit trygt og tillitsfullt samfunn
- Ein open og omstillingsdyktig økonomi
- Eit alliert fellesskap og samhold i Europa

- Ei verd som søker løysingar basert på folkeretten

Arbeidet med å sikre desse interessene skal bygge på tre strategiske hovudprioriteringar:

- Vi skal raskt styrke forsvarsevna
- Vi skal gjere samfunnet meir motstandsdyktig
- Vi skal styrke vår økonomiske sikkerheit

### 1.1.1 Styring og kriseleiing

Den nasjonale sikkerheitsstrategien peiker på at «Næringslivet og frivilligheita rår over avgjerande kapasitet, infrastruktur og kompetanse for forsvaret av landet og skal saman med fagrørsla og kommunane trekkast tettare inn i beredskap og planlegging. Vi skal saman sikre at samfunnet sine ressursar kan nyttast effektivt ved alvorleg krise eller krig.»

Kommunane må halde fram det gode arbeidet som er gjort med å få næringslivet og frivilligheita inkludert og involvert i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Det kommunale beredskapsrådet er ein viktig arena, men møte i næringsforeiningar, frivillige organisasjonar, grendelag, skular mv. vil vere eit viktig supplement for å nå denne målsettinga.

Krisehandtering er krevjande. Krava til den kommunale tenesteproduksjonen aukar i mange samanhengar både med omsyn til tempo og omfang, og vil normalt innebære at det trengst fleire personar for å løyse

oppgåvene. Samstundes kan det vere slik at mange tilsette forsvinn for å løyse andre prioriterte oppgåver i samfunnet, til dømes i Forsvaret eller Siviltforsvaret.

Då er det viktig å ha planar for omstilling – kontinuitetsplanar – som er klare på kva for oppgåver som kan nedprioriterast, kva for kompetanse det kan bli mangel på og korleis dette gapet skal tettast. Eit døme på slikt arbeid er GAP-analysane for helsetenesta som vart utarbeidd i 2024 og som må følgjast opp i tida frametter.

### 1.1.2 Trygge og robuste lokalsamfunn

I tillegg til at befolkninga med jamne mellomrom må oppmodast til å ha god

## 1.2 Demografi

I Vestfold og Telemark hadde bykommunane og tettstadene jamt over størst absolutt vekst i folketalet i 2024. Samla hadde fylka eit monaleg fødselsunderskot. Det er difor netto tilflytting som syter for veksten i folketalet.

Innvandring har over fleire år vore særleg viktig i enkelte distriktskommunar, som elles ville hatt sterkare nedgang i folketalet.

Trenden er at busettinga blir sentralisert. Samstundes aukar delen eldre, særleg i dei gravgrendte områda. Slik har det vore ei stund. Slik vil òg utviklinga halde fram, etter SSB sine framskrivingar av folketalet.

Det er jamt over unge i fruktbar alder som flyttar til bynære strok, mens dei eldre er meir bufaste og blir igjen i distriktskommunane. Samla sett tyder dette


eigenberedskap, må kommunane gjennom dei lokale beredskapsråda vere pådrivarar i arbeidet med eigenberedskapen for kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur, sikre ein tilsvarande beredskap i eigen verksemd og ha ei særskilt merksemd på sårbare grupper. Desse sårbare gruppene vil normalt auke i omfang i krisesituasjonar, og i tillegg kan det kome ei stor auke gjennom evakuering frå nabokommunar, internt fordrivne, flyktningar frå andre land og i verste fall ved iverksetting av krigsutflytting.

Eigenevakuering til feriebusstader kan òg bli ei utfordring.

at fleire kommunar bør planlegge for å møte ein nedgang i folketalet, og/eller endra samansetning av befolkninga.

Mindre fødselskull vil til dømes påverke dimensjonering av barnehage- og skoletilbodet, mens auken i eldredelen vil krevje styrka innsats og omstilling til meir aldersvenlege lokalsamfunn.

I 14 av 23 kommunar i Vestfold og Telemark vil det i 2050, etter SSB sine prognosar, vere færre enn to innbyggjarar i alderen 20-66 år for kvar innbyggjar over 66 år. Med ei slik utvikling veks omsorgsbøra monaleg, dvs. at færre yrkesaktive må syte for ein auka del pensjonistar.



Figur: Innbyggjarar 20-66 år som del av talet på innbyggjarar 67 år eller eldre i 2050. Hovudalternativet i SSB sine framskrivingar av folketalet. Kjelde: SSB.

### 1.2.1 Kommuneøkonomi

Det var monaleg svakare regnskapsresultat for kommunane i Vestfold og Telemark i 2024 enn året før. Heile 16 kommunar hadde negative netto driftsresultat, og av desse hadde elleve kommunar svakare driftsresultat enn -2,0 prosent. Berre fem kommunar hadde netto driftsresultat betre enn teknisk berekningsutvals anbefaling på 1,75 prosent.

Svikt i skatteinntekter, auka renteutgifter og utgifter til m.a. sosialhjelp medverka til dei dårlege resultatane. God finansavkastning for fleire kommunar trakk i motsett retning.

Balanserekneskapane viser at 14 av 23 kommunar hadde lågare disposisjonsfond ved utgangen av året enn ved starten. I tillegg har to kommunar meirforbruk i balanserekneskapen ved inngangen til 2024. Kragerø kommune blei meldt inn i ROBEK i

2024. Deira akkumulerte meirforbruk auka i 2024. Det same gjeld Midt-Telemark, som blei meldt inn i ROBEK etter handsaminga av rekneskapen i mai 2025.

Relativt færre i yrkesaktiv alder framover, jf. kap 1.2, vil kunne bety lågare vekst i skatteinntekter per innbyggjar i åra som kjem enn i åra vi har bak oss. Det vil kunne gå ut over finansieringa av kommunesektoren.

Det er avgjerande at kommunane med negativ driftsbalanse så fort som råd tilpassar omfang og kvalitet på tenestene *både* til inntektene ein kan forvente å ha, og til behovet innanfor dei ulike sektorane.

Å omstille for å ha balanse i drifta kan ikkje bli utsett. Då risikerer kommunane å pådra seg meirforbruk. I så fall aukar innsparingsbehovet, som vil gå ut over tenestene til innbyggjarane.

I tråd med demografiutviklinga vil det i praksis, for mange kommunar, bety at det framleis blir nødvendig å flytte ressursar frå andre tenester til helse- og omsorgstenester.

Vi vil her vise til brevet vi sendte til kommunane sommaren 2020; «Om føreliggande og kommande budsjett- og økonomiplanar i kommunane». Her bad vi kommunane m.a. «vurdere behova for strukturendringar i tenestene [...] nøye ved kommande økonomiplanprosessar». Dette behovet har ikkje blitt mindre sidan 2020.

For ein kommune som må redusere sine utgifter vil ein billigare tenestestruktur innebere at behovet for reine kutt i bemanninga blir mindre enn det elles ville vore med ein dyrare struktur. Ein effektiv tenestestruktur kan såleis, innanfor dei inntektene ein kommune kan rekne med å ha, medverke til høgare omfang og standard på tenestene.

Likevel kan strukturendringar føre til velferdstap for nokre innbyggjarar, i hovudsak dei som blir direkte råka. Og t.d. skal ein kommune vurdere *barns beste* i saker om skolenedleggingar. Her minner vi om at desse vurderingane òg må vektast

### 1.3 Ungt utanforskap

Vestfold og Telemark var i 2023 det fylket som hadde den høgaste delen unge mellom 15-29 år ståande utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. Slik har det vore over litt tid.

Å stå utanfor samfunnet er først og fremst ei bær for den einskilde. Men utanforskap kan

mot omsynet til andre innbyggjarar og deira tenester.


#### 1.2.2 Kapasitet og kompetanse

Nesten alle kommunane rapporterer om utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse innanfor helse og omsorg. Utfordringane er størst i kommunar med låge innbyggartal og mindre sentral plassering, men også dei større kommunane slit med å skaffe nok folk med rett kompetanse. Det er særleg vanskeleg å rekruttere personell til langtidsavdelingar i sjukeheimar og i tenester til personar med psykisk utviklingshemming. Fleire kommunar har òg utfordringar med å få tilsett legar, vernepleiarar, helsesjukepleiarar og psykologar. Mangelen på personell krev ofte bruk av dyre vikarbyråtenester, som i sin tur råkar kommuneøkonomien hardt.

Det er kapasitetsutfordringar i nokre kommunar på område som landbruk, byggesak og arealplan.

òg vere ein fare for demokratiet og medverke til lågare tillit til avgjerdstakarar.

På den andre sida kan denne gruppa utgjere ein arbeidskraftreserve m.a. for kommunane, jf. kap. 1.2.2, om ein klarer å snu utanforskapet til innanforskap. For å lukkast med dette vil samarbeid utover sektorgrenser vere avgjerande.



Figur: Del innbyggjarar mellom 15-29 år utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak i 2023. Kjelde: SSB.

## 1.4 Klimaomstilling

Vi må heile tida omstille oss til eit klima i endring. I 2024 fekk vi oppleve både forsommartørke, haglbyer i vekstsesongen og mykje regn i innhaustinga. For fleire bønder førte det til avlingssvikt. Midt-Telemark vart råka av to omfattande hendingar med styrtnedbør med mindre enn to månaders mellomrom. Det siste trefte òg nabokommunane Drangedal, Seljord og Notodden. Uvêret førte til store skadar på gards- og skogsbilvegar. Endra vêrtilhøve krev auka merksemd om risikoførebygging hjå bønder og skogeigarar.

Nasjonale og internasjonale forpliktingar innanfor klima og natur krev at vi omstiller oss. Tap av natur og eit klima i endring skaper risiko for samfunnet på tvers av sektorar, ein risiko kommunane må analysere, vurdere og ta omsyn til i planlegginga si. Ei planlegging som også kan ha noko å seie for kommuneøkonomien.

I februar 2024 vart det lagt fram ei viktig utgreiing som beskriv kva naturrisiko er, korleis aktørane i samfunnet blir ramma av tap av natur, og den ser på korleis aktørane i privat og offentleg sektor kan forhalde seg til

naturrisiko på ein best mogleg måte (NOU 2023:2, I samspel med naturen"). Handtering av risiko ved havnivåstigning og høge vasstandar er handsama av DSB i ein ny rettleiar og kan hjelpe kommunane med arbeidet. Vi gjentek også frå i fjor tilvisinga til Stortingsmeldinga om klimatilpassing som kom i 2023; "Meld St. 26 (2022-23) Klima i endring – saman for eit klimarobust samfunn". Det nasjonale målet for klimatilpassing ble i samband med dette utvida slik at det også omfattar økosystema: «Samfunnet og økosystema skal førebuaast på og tilpassast klimaendringane.» Endringa bygger på ei erkjenning av at økosystem i god tilstand er viktige for å redusere konsekvensane av klimaendringar for både samfunn og natur.

FNs berekraftsmål peikar på miljømåla som sjølve grunnlaget og premisen for resten av berekraftsarbeidet.

Klimaomstilling er elles omtalt i avsnittet i dette brevet om samfunnstryggleik og beredskap og kommunal planlegging.

## 1.5 Oslofjorden


Mange av ferskvassførekomstane særleg i Vestfoldkommunane, men og i nokre av kommunane i Telemark, er sterkt prega av eutrofi, det vil seie høge konsentrasjonar av næringsstoff. Dette kjem først og fremst av utslepp frå avløp og landbruk. Eutrofi er ein av hovudårsakene til den alvorlege tilstanden i Oslofjorden.

Kommunane er forureiningsstyresmakt for mykje av det som forårsakar eutrofi. Arbeidet med å redusere utslepp av næringsstoff til vatn må framleis ha høy prioritet hos alle involverte partar. Vi viser òg blant anna til punkt 2.10.2 nedanfor, under overskrifta "avløp", og punkt 2.10.3 om vassforvaltning.

## 2 Statlege forventningar til kommunane

Statsforvaltaren er representanten til Kongen og regjeringa i fylket, og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer kan bli følgt opp.

Kommunen verkar i spenningsfeltet mellom ønsket til lokalsamfunnet for å styre eiga utvikling og ønsket til staten om å setje i verk nasjonal politikk på lokalt nivå. Kommunen skal både ivareta ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltingsfunksjon



### 2.1 FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er den felles arbeidsplanen i verda for å utrydde fattigdom, nedkjempe forskjellar og stoppe klimaendringane innan 2030.

Forventningane staten har til arbeidet i kommunane med berekraftsmåla er ikkje endra sidan føregåande år, men for kvart år som går bør kommunane komme stadig lenger i å implementere berekraftsmåla i eiga verksemd og styre utviklinga i ei retning

som styrker alle dei tre dimensjonane – miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

I innleiinga av kvar av dei påfølgande delkapitla er derfor dei ulike tema forsøkt knytt til aktuelle berekraftsmål og moglege målkonfliktar.

**Signaldokument:** Mål med mening: Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030 (Meld.St.40)

## 2.2 Rettstryggleik og god forvaltning

Å sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå bidreg til å styrke berekraftsmål nr. 16. Varetaking av omsynet til rettstryggleik og fungerande institusjonar kan i nokre tilfelle komme i konflikt med omsynet til innovasjon og økonomisk vekst, som berekraftsmål nr. 8 og 9. Berekraftige løysingar er dei som avveg omsyna mot kvarandre og avgrensar konflikten mellom dei ulike måla.

For kommunar er det spesielt viktig å skilje mellom utøving av offentleg mynde og politikk. Det blir mellom anna fatta avgjerder som kan gripe langt inn i livet til den enkelte borgaren. Legalitetsprinsippet tyder at jo større inngrep dei ulike avgjerdene inneber, jo klarare skal heimelsgrunnlaget vere. Det gjeld dessutan fleire forvaltingsrettslege prinsipp for sakshandsaminga, irekna krav til at saker skal greiast ut, at dei blir handsama likt, føreseieleg og forsvarleg, at alle er gitt høve til å uttale seg, at man må halde seg til saka og rettsreglane m.m.

### 2.2.1 Spesielle forventningar på utvalde område

#### Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er ei viktig miljølov. Ved å treffe vedtak i samsvar med lova, bidreg kommunane med å ivareta FNs berekraftsmål.

Vi *forventar* at kommunane følger Statsforvaltaren sin sjekklister når det blir sendt over klagesaker.

**Krav/pålegg:** Det er eit krav i forvaltingslova at vedtak blir grunnleggjande konkret. Dette gjeld spesielt for dispensasjon og der kommunen avslår på grunn av skjønn, t.d. estetikk.

**Krav/pålegg:** Alle plan- og byggesaker som rører ved naturmangfald skal vurderast opp mot prinsippa som går fram av nml. §§ 8-12,

jf. § 7. Vurderinga skal kome tydeleg fram i saksframlegget.

**Krav/pålegg:** Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, må bli grunnleggjande konkret. Viss det blir vanskeleg å laga ei grunnleggjande i møtet, kan saka t.d. utsettast.

**Krav/pålegg:** Det er eit krav i plan- og bygningslova § 21-7 at byggesaker blir handsama innan 12 veker.

#### Offentleglova

**Krav/pålegg:** Det er eit krav i offentleglova § 29 første avsnitt om at innsynskrav skal bli handsama "utan ugrunna opphald". Dette er gjerne same dag eller innan 1-3 arbeidsdagar. Dersom innsendar ikkje mottok svar innan 5 arbeidsdagar, er dette å rekne som eit avslag som kan klagast vidare til Statsforvaltaren.

#### Internkontroll etter kommunelova

Kommunelova § 25-1 inneheld ein regel om internkontroll. Regelen gjeld i hovudsak for alle sektorar i kommunen, og skal utgjere ei ny heilskapleg regulering av internkontrollkrav med kommuneplikter. Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har ein internkontroll, og at denne skal gjelde administrasjonen si samla verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgd.

Kommunelova § 25-1 erstattar tidlegare reglar om internkontroll i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelselova, introduksjonslova, og opplæringslova, jf. Prop. 81 L (2019-2020).

#### Kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet

Lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet, som tredde i kraft 1. juli 2023, er både ei presisering og ei skjerping av plikta kommunen har til å ta bustadsosiale omsyn i plan. Vi *forventar* at kommunane tek omsyn til krava i planarbeidet sitt.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal, etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 andre ledd, ha ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien til kommunen og fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet.

### Helse, omsorg og sosial

Vi *forventar* at kommunane sørger for tilstrekkeleg opplæring av sine tilsette i sakshandsaming og tilhøyrande lovverk innanfor helse-, omsorg - og sosialområdet.

**Krav/pålegg:** Det er eit krav i helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd at kommunen har ei generell plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at innhald og omfanget av tenesta er i samsvar med lov og forskrift. Innhaldet i denne plikta er nærare regulert i forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og

omsorgstenesta, kor det mellom anna kjem fram at kommunen må ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, samt sørge for at medarbeidarane i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystemet, jf. §§ 6f og 7b.

**Krav/pålegg:** Kommunen har etter sosialtenestelova § 6 ansvar for å gi nødvendig opplæring til alle tilsette ved Nav-kontoret som yter tenester og utfører oppgåver etter lova.

### «Best for barnet»-vurderingar

**Krav/pålegg:** I saker som vedkjem barn må kommunane, i si sakshandsaming, kartlegge, vurdere og vektlegge alle tilhøve som sikrar at barnet sitt beste blir oppfylt, jf. Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. Ved barnet sitt beste-vurderingane skal det takast utgangspunkt i behova og føresetnadene til det enkelte barn.

## 2.3 Forsvarleg arbeidsmiljø og HMS-arbeid

Å fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle bidreg til å styrke berekraftsmål nr. 8. Varetaking av slike omsyn kan komme i konflikt med miljøomsyn, som t.d. berekraftsmål nr. 12 fordi økonomisk vekst kan føre til auka forbruk. Berekraftig økonomisk vekst oppnår ein ved søke løysingar som avgrensar den negative effekten på natur og miljø.

Arbeidsmiljølova gjeld for alle verksemdar og skal mellom anna sikre arbeidsmiljø som gjev grunnlag for ein helsefremjande og meningsfull arbeidssituasjon og sikre trygge tilsetjingsforhold og likebehandling i arbeidslivet.

Forskrifta om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid set krav til systematisk arbeid i verksemdene.

### 2.3.1 Tilrettelegging og implementering av systematisk HMS-arbeid

**Krav/pålegg:** Kommunen som arbeidsgivar har krav om tilrettelegging og implementering av eit systematisk HMS-arbeid, jf. Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid § 5.

Hensikta med systemet er å sikre at problem blir oppdaga og tatt hand om i tide. Den som leier verksemda har plikt til å sørge for at krava som regelverket stiller til HMS blir

følgde systematisk opp. Oppfølginga skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarane og representantane deira.

### 2.3.2 Psykososialt arbeidsmiljø

Arbeidsmiljølova stiller i dag krav til at arbeidstakarar har fullt ansvarleg arbeidsmiljø. Dette gjeld og for psykososiale faktorar. Lovverket stiller krav til at integriteten og verdigheita til arbeidstakarane skal varetakast, og at arbeidet skal gi moglegheit for kontakt og kommunikasjon med andre. I tillegg omtaler lova trakassering, seksuell trakassering, vald og truslar som døme på faktorar arbeidstakarar skal vernast mot.

Kongen i statsråd vedtok 20. juni 2025 endringar i arbeidsmiljøloven § 4-3, som gir tydelegare krav til det psykososiale arbeidsmiljøet. Endringane er ei presisering og utdjupeing av eksisterande krav, med mål om å gjere regelverket meir anvendeleg og effektivt for å førebygge psykososiale belastningar i arbeidslivet. Dei gjeld frå 1. januar 2026.

**Krav/pålegg:** Arbeidet skal organiserast, planleggast og gjennomførast slik at dei psykososiale arbeidsmiljøfaktorane er fullt ansvarlege med omsyn til helse, tryggleiken og velferda til arbeidstakarane.

Dette er ei presisering av at kravet til eit fullt ansvarleg arbeidsmiljø også gjeld på det psykososiale området.

Arbeidsmiljøloven § 4-3 vil i tillegg gi fleire døme på psykososiale arbeidsmiljøfaktorar som arbeidsgivar må ta omsyn til:

- uklare eller motstridande krav og forventningar i arbeidet
- emosjonelle krav og belastningar i arbeid med menneske
- arbeidsmengd og tidspress som inneber ubalanse mellom arbeidet som skal utførast, og den tida som er til rådvelde
- støtte og hjelp i arbeidet

Dette er faktorar som er ein heilt vanleg del av arbeidskvardagen for mange, og som

utfordringar ofte kan handle om. Dei er ikkje forbodne, men arbeidsgivar må sørge for at dei er fullt ansvarlege. Lovendringa skal gi verksemdar betre rettleiing og auka forståing for kva som trengst for å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

Eit godt psykososialt arbeidsmiljø fremjar motivasjon, jobbengasjement og betre helse hos arbeidstakarane. For verksemda kan det bety lågare sjukefråvær, høgare produktivitet og auka lønnsemd.

Dagens forskrift blir vidareført i nye ledd. Arbeidstilsynet vil saman med partane i arbeidslivet jobbe vidare med forskriftsutforminga, i lys av høyringsrunden og lovendringa. Vi vil også utarbeide rettleiing for å støtte verksemdene i det praktiske arbeidet med å etterleve dei nye krava.

### 2.3.3 Krav om å førebygge vald og truslar

**Krav/pålegg:** Forskrift om utførelse av arbeid, § 23A-1, stiller krav og at arbeidsgivar skal kartlegge tilhøve som kan føre til at arbeidstakarar blir utsett for vald og trussel om vald. Arbeidsgivar må utarbeide og dokumentere risikovurdering og handlingsplan med tiltak.

Vald og truslar synest å vere ei aukande problemstilling i kommunale einingar, spesielt i helse og sosial og i skulen. Arbeidsgivar har plikt til å førebygge. Det stilles spesifikke krav i forskrifta til kva arbeidsgivar som eit minimum skal risikovurdere for å førebyggje hendingar.

### 2.3.4 Opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og truslar

**Krav/pålegg:** Forskrift om utførelse av arbeid, kap 23A, stiller krav om at arbeidsgivar sikrar og dokumenterer at tilsette i utsette bransjar får opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og

truslar. Arbeidsgivar må sikre at tilsette får informasjon om risiko for vald og truslar og gjere rutinar kjend for dei tilsette. Arbeidsgivar skal òg sikre at arbeidstakarar får oppfølging etter hendingar.

Kva som blir sett på som «nødvendig» opplæring må vere i tråd med kva som blir vurdert som tilstrekkeleg for å vareta arbeidstakarvern og eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i den enkelte verksemda. Det er arbeidstakar som kan bli utsett for vald og truslar om vald i arbeidet som blir omfatta av kravet til opplæring og øving, jf § 23A-2. Yrkesgrupper innan helse- og sosialtenester, undervisning, barnehagar og barnevern er definert som særleg utsette. Kva arbeidstakarar dette gjeld må vere basert på kartlegginga og risikovurderinga som er gjort etter § 23A-1.

Opplæringa skal sikre at arbeidstakar i utsette stillingar får kjennskap til risikoen for vald og truslar om vald, korleis risikoen blir førebygd, og slik at arbeidstakar blir sett i stand til å forstå korleis vedkommande skal handtere vald og truslar om vald når det faktisk skjer.

Opplæringa må omfatte øvingar for å kunne handtere valds- og trusselsituasjonar, må tilpassast den enkelte verksemda og den aktiviteten som blir utført, inkludert endringar i arbeidet, og må gjentakast regelmessig. Les meir om krav og rettleiing på Arbeidstilsynet sine nettsider, og i Arbeidstilsynet sine kommentarar til regelverket.

### 2.3.5 Systematisk HMS-arbeid for å førebyggje personskadar og ulykker

**Krav/pålegg:** Arbeidsgivar skal jobbe systematisk med HMS for å førebygge at arbeidstakarar skadar seg på jobb.

Arbeidsmiljølova og forskrift om organisering, leiing og medverking stiller krav om at arbeidsgivar skal kartlegge farar og problem som kan påverke

arbeidstakaranes fysiske eller psykiske helse og tryggleik. På bakgrunn av kartlegginga skal arbeidsgivar vurdere risikoen for skade eller fara for arbeidstakarane.

Vidare skal arbeidsgivar setje i verk tiltak etter risikovurdering slik at farar i arbeidsmiljøet blir reduserte og ulykker blir unngått.

Både risiko og tiltak skal vurderast og utarbeidast i samarbeid med verneombod/representanten til tilsette, jf arbeidsmiljølova kap 3 og Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid § 5.

Effektiv ulykkesførebygging krev at ein jobbar systematisk med helse, miljø og tryggleik (HMT) i verksemda.

For å jobbe systematisk med å førebygge ulykker, er det viktig at arbeidsgivar har fokus på:

- planlegging av arbeidsoppgåvene frå start til slutt
- risikovurderingar som er konkrete og tilpassa arbeidsoppgåvene
- at risikovurderingane fører til spesifikke tiltak som faktisk reduserer farar
- medverknad frå arbeidstakarane i arbeidet med risikovurderingar
- opplæring som sikrar at arbeidstakarane blir gjorde kjent med risikoen knytt til arbeidet dei utfører
- avvikshandtering og sørger for at verksemda bruker avvikssystemet til å ta lærdom av ulykker og uønskte hendingar
- overvaking og gjennomgang av det systematiske helse-, miljø- og tryggingarbeidet for å sikre at det fungerer som føresett, under dette sørgja for etterleving av risikovurderingar og rutinar- på alle nivå i verksemda

### 2.3.6 Arbeidslivskriminalitet

**Krav/pålegg:** Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar mv. har

som formål å bidra til at offentlege oppdragsgivarar skal velje seriøse verksemdar til å utføre tenester og byggje- og anleggsarbeid, og at dei som arbeider i eller for desse verksemdene har anstendige arbeidsforhold. Etter kontraktsinngåing har oppdragsgivar plikt til å gjennomføre nødvendig kontroll av om krava om lønns- og arbeidsvilkår, OTP og HMS-kort er oppfylt i kontraktperioden.

Arbeidstilsynet finn brot på kontrollplikta i om lag 90 prosent av tilsyna sine og minner om ansvaret kommunane har for å følge

dette opp. Det offentlege er ein stor aktør med eit stort samfunnsansvar og som kan påverke andre aktørar i arbeidslivet. For å motverke arbeidslivskriminalitet tilrår Arbeidstilsynet at kommunane vedtar sine egne seriositetsreglar til bruk i bygge- og anleggskontraktar og ei ordning for praktisk oppfølging og kontroll undervegs i kontraktperioden. Innføring og oppfølging av seriositetsreglar, utvikling av betre kontrollsystem og meir aktiv innsats i leverandørutvikling vil vere viktige tiltak i kommunane.

## 2.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap bidreg til å styrke fleire av FN sine berekraftsmål. Særleg relevant er mål nr. 9 som handlar om å bygge ein solid infrastruktur, mål nr. 11 om å bygge trygge og robuste lokalsamfunn. Desse måla kan komme i konflikt med miljøomsyn, som berekraftsmål nr. 15. Til dømes kan bygging av infrastruktur krevje omdisponering av natur. Berekraftige løysingar er dei som avveg omsyna mot kvarandre og avgrensar konfliktnivået mellom måla.

Formålsparagrafen i Forskrift om kommunal beredskapsplikt seier at forskrifta skal sikre at kommunen varetek befolkninga sin sikkerheit og tryggleik. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

Plikta omfattar kommunen som myndigheit innanfor sitt geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar.

### 2.4.1 Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal vere eit overordna kunnskapsgrunnlag for det systematiske og heilskaplege arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, etter sivilbeskyttelsesloven og plan- og bygningsloven. Dette krev ein god oppfølgingsplan for tiltaka som er identifiserte i analysearbeidet. Planen må vere forankra både internt i kommunen og med eksterne beredskapsaktørar, til dømes gjennom det kommunale beredskapsrådet, og følgjast opp på ein systematisk måte.

For å sikre at analysen har verdi for strategiske val i arealdelen av kommuneplanen må risikobiletet ikkje berre byggje på utvalde scenario. Noverande og framtidig risiko gjennom klimaendringar knytt til kommunen sitt geografiske område må vurderast som del av den heilskaplege analysen, eller dette kan gjerast separat i ein eigen areal-ROS.

**Krav/pålegg:** På bakgrunn av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal kommunen

a. utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet

b. vurdere forhold som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningsloven.

Signaldokument: [Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#), § 3

## 2.4.2 Evaluering etter øvingar og uønskete hendingar

Øvingar og krisehandtering er ikkje fullført før evaluering er gjennomført. Lærdom som er hausta gjennom øvingar og handtering av uønskete hendingar må dokumenterast på ein slik måte at kommunen sikrar at den vert nytta til å gjennomføre relevante

## 2.5 Kommuneøkonomi

Ein forsvarleg kommuneøkonomi bidreg til å bygge eit samfunn med velfungerande og ansvarlege institusjonar, i tråd med FNs berekraftsmål nr. 16. Varetaking av økonomiske omsyn kan komme i konflikt med sosiale omsyn, som mellom anna berekraftsmål nr. 10. Berekraftige økonomiske løysingar kan bidra til å jamne ut forskjellar i samfunnet.

### 2.5.1 Planlegging av økonomi og tenester

Kommunane sitt ansvar for ei berekraftig økonomiforvaltning er understreka i kommunelova. I St.prp. 46L (2017-2018) legg Kommunal- og distriktsdepartementet til grunn at «reglene om økonomiforvaltningen (..) må ha som formål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunenes produksjon av velferdstjenester».

Det er viktig at kommunane planlegg for ein tenesteproduksjon som er tilpassa både inntektene ein kan rekne med å ha og

førebyggjande tiltak og revidere beredskapsplanar. Tiltak frå evalueringar må vere konkrete og innehalde tidsplan for gjennomføring og kven som er ansvarleg(e) for oppfølginga. Ei løysing for å sikre at tiltaka frå evalueringar ikkje vert «gløymde» er å leggje dei inn saman med tiltaka i handlingsplanen etter utarbeidinga av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal etter øvingar og uønskete hendingar evaluere krisehandteringa. Der evalueringa gir grunnlag for det skal det gjerast naudsynte endringar i risiko- og sårbarheitsanalysen og beredskapsplanar.

**Signaldokument:** [Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#), § 8.

behova til innbyggjarane på kort og lang sikt, jf. krava om budsjett og økonomiplan.

Rekneskapane frå 2024 viser at fleire kommunar har negativ driftsbalanse og til dels betydelege behov for å omstille tenesteproduksjonen.

Desse kommunane må tilpasse drifta raskt, slik at ein unngår meirforbruk i balanserekneskapen. Meirforbruk vil innebere auka behov for innsparingar og kutt i omfang og kvalitet på tenester. Det kan føre til så store reduksjonar i tenestekvaliteten at kommunane står i fare for å bryte med krava om lovpålagde tenester av forsvarleg kvalitet. Meirforbruk, og dermed auka innsparingsbehov, må derfor unngåast så langt som råd.

Kommunane må òg planlegge for å ha ei drift i balanse på lengre sikt, og framleis kunne gi tenester i tråd med lovkrava. Då må spesielt avgjerder om investeringar ta omsyn til behova på lengre sikt enn ein økonomiplanperiode legg opp til. Det vil vere ueheldig å investere i eit tenestetilbod som

kommunen korkje rimeleg kan anta å ha inntekter til, eller innbyggjarane behov for, på lengre sikt.

Kommunane bør vurdere om strukturendringar kan redusere behovet for reine innsparingar i tenesteproduksjonen – både på kort og lengre sikt.

Meir effektive strukturar i tenesteproduksjonen betyr at kommunane kan ha høgare bemanning og betre tenestekvalitet, enn om strukturane er mindre effektive.

**Signaldokument:** Kommunelova kapittel 14, Prop. 46L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner, kapittel 20.

## 2.6 Oppvekst

Arbeidet i kommunane med barns oppvekst og utdanning rører ved fleire av FNs bærekraftsmål. Særleg relevant er mål nr. 4 som skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle. I tillegg kjem mål nr. 5 som fremmar likestilling og nr. 10 som hindrar forskjellar.

Regjeringa innfører no eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring og opplæring for vaksne. Systemet skal bidra til at lærarar og andre yrkesgrupper får betre føresetnader for å møte krav og forventningar dei står overfor i jobben. Hovudgrepa i strategien er at fleire yrkesgrupper i barnehage, skule og SFO skal få høve til å få permisjon med lønn når dei tek vidareutdanning. I tillegg skal fleire nyutdanna lærarar i både barnehage, grunnskule og vidaregåande skule få rettleiing.

Kommunane må framleis følge opp arbeidet med barnevernsreforma. Førebygging og tidleg innsats er sentralt i reforma, og det forventast at dei ulike sektorane evner å samarbeide og samordne seg i laget rundt barna. Førebyggjande plan må følgast opp og

## 2.5.2 Bruk av styringsdata

God økonomisk planlegging føreset gode analysar, både på kort og lengre sikt. Bruk av styringsdata som KOSTRA, og tilgjengelege framskrivingar av til dømes demografi og folketal, vil gi eit godt grunnlag for analysane.

For å gi eit så godt avgjerdsgrunnlag for dei folkevalde som mogleg, bør analysar og styringsdata også brukast i styringsdokument som budsjett-økonomiplanar. Det er grunn til å tru at god bruk av styringsdata i styrings- og avgjerdsdokument bidreg til god økonomistyring i kommunane.

implementerast i alle einingar for sikre ein heilskapleg og systematisk innsats.

Sjå [«Nytt til barnehage- og skolestart»](#) (Utdanningsdirektoratet).

### 2.6.1 Skole

**Krav/pålegg:** Kommunane som skoleeigar og skolane skal framleis implementere opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter, som vart gjeldande frå 1. august 2024.

- Krav om betre overgangar frå ungdomsskolen til vidaregåande opplæring
- Krav om oppfølging av fråvær.
- Elevane sin rett til medverknad
- Rett til eit skuledemokrati
- Styrka informasjonsplikt

**Krav/pålegg:** Kommunane skal følge regelverket om Individuell tilrettelegging i ny lov kapittel 11. "Individuelt tilrettelagt opplæring" er eit nytt omgrep for den delen av den tidlegare spesialundervisninga som handlar om opplæring. Personleg assistanse og fysisk tilrettelegging av spesialundervisning, er skilde ut som egne rettar.

Stortinget har vedteke ei endring i opplæringslova som gir tilsette i skolen og på SFO høve til å gripe inn fysisk mot elevar for å hindre skade på personar eller eigedom.

Frå 1. august 2025 har Stortinget vedteke at tilsette har fått høve til bruk av fysiske inngrep dersom det må til for å hindre at ein elev utset ein person for psykiske krenkingar, som til dømes mobbing, truslar og trakassering. Dette gjeld også dersom ein elev øydelegg eller vesentleg forstyrrar opplæringa for andre elevar.

Lova set klare rammer for fysiske inngrep i tillegg til reglar om førebygging, dokumentasjon og meldeplikt.

**Krav/pålegg:** Ei gratis offentleg grunnskuleopplæring er sentral for at alle elevar skal oppleve ein likeverdig og inkluderande opplæring, uavhengig av økonomien til foreldra. Alle delar av grunnskuleopplæringa skal vere gratis. Gratisprinsippet gjeld i skuletida, og for turar og aktivitetar i regien til skulen.

**Krav/pålegg:** Skoleeigar skal tilby alle barn på 1., 2. og 3. trinn gratis SFO i 12 timar kvar veke.

Regjeringa har foreslått å lovfeste ein rett til 12 timar gratis skulefritidsordning for elevar på 1. til 3. trinn. Auka kvalitet skal sikrast med den nasjonale rammeplanen for SFO.

Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helsedirektoratet, Statped og Folkehelseinstituttet samarbeider om å utvikle faglege tilrådingar om førebygging og oppfølging av bekymringsfullt skulefråvær. Retningslinjene vil komme på høyring våren 2026, og vi håpar skulane vil la seg høyre.

Stortinget handsama i 2024 Meld. St. 34 (2023–2024) Ein meir praktisk skule – Betre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn. Regjeringa vil med denne meldinga bidra til å utvikle ein meir praktisk skule der elevane lærer meir, blir meir motivert og trivst betre. Eit hovudgrep i meldinga er å opprette eit nasjonalt program for meir praktisk læring.

Det skal òg bidra til å stimulere til meir fysisk aktivitet. Programmet skal utviklast over tid, og vil bestå av økonomiske stimuleringsiltak og andre støtteressursar som kan brukast i undervisninga. Valfag for alle elevar på 5.–7. trinn skal gjere skulen meir praktisk og motiverande på mellomtrinnet. På ungdomstrinnet vil det bli obligatorisk for skulane å tilby arbeidslivsfag til elevane som eit alternativ til framandspråk. Innføring av valfag på mellomtrinnet og arbeidslivsfag for fleire på ungdomstrinnet skal bidra til at fleire elevar lærer meir og utviklar meir praktisk kompetanse.

Statsforvaltaren *forventar* at skulane forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S), inkludert læreplanar for modulstrukturert opplæring.

Kommunen som lokal skuleeigar må trygge gjennomføringa av sentralt gitt og lokalt gitt eksamen våren 2026. Han må vere førebudd på å vareta tekniske krav for ei sikker gjennomføring av digital eksamen og at tilstrekkeleg tal på sensorar er rekrutterte til sensuransvara både sentralt og lokalt.

#### **Signaldokument:**

- Opplæringslova (gjeldande frå 1. august 2024)
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S)
- Strategi: System for kompetanse- og karriereutvikling for ansatte i barnehage og skole (Kunnskapsdepartementet 2025)

### **2.6.2 Barnehage**

Stortinget vedtok 3. juni 2025 fleire endringar i barnehagelova, med mål om å styrke styring, finansiering og kvalitet i barnehagesektoren:

- **Større lokal styring:** Kommunane får meir makt til å bestemme om, kvar og kva slags barnehagar dei treng i sitt område
- **Prioritering av ideelle barnehagar:** Kommunane kan no i større grad velje å

støtte barnehagar som ikkje har kommersielt overskot som mål.

- Nasjonale reglar for tilskot: Det skal framleis vere nasjonale reglar for korleis kommunane skal rekne ut tilskot til private barnehagar, men det blir opna for ekstra tilskot til barnehagar med særskilde behov, til dømes i levekårsutsette område
- Pensjonstilskot: Nye reglar skal sikre at tilsette i private barnehagar får pensjonsvilkår som er meir like dei kommunale
- Tydelegare krav til bruk av pengar: Det blir stilt strengare krav til korleis barnehagane brukar offentlege tilskot og foreldrebetaling.

Regjeringa har i tillegg sendt forskrifta til den nye barnehagelova på høyring. Forskrifta inneheld meir detaljerte reglar om mellom anna tildeling av tilskot til private barnehagar.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiar om tilstrekkeleg bemanning i barnehagen. Rettleiar skal hjelpe barnehageeigarar og tilsette med å forstå og praktisere kravet om tilstrekkeleg bemanning i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

**Krav/pålegg:** Det vert presisert at det gjeld ein nasjonal minimumsnorm for grunnbemanning: Ëin tilsett per tre barn under tre år, og éin tilsett per seks barn over tre år. Denne norma representerer eit absolutt minimum, og det kan vere naudsynt med høgare bemanning for å sikre kvaliteten i det pedagogiske tilbodet.

Vurderinga av kva som er tilstrekkeleg bemanning må ta utgangspunkt i fleire faktorar, mellom anna barnas alder og behov, storleiken og samansetjinga av barnegruppa, personalets kompetanse og erfaring, det fysiske miljøet og dei pedagogiske aktivitetane som er planlagde. I tillegg må barnehagen vere rusta til å handtere uføreseielege hendingar, som til dømes fråvær grunna sjukdom.

Det overordna ansvaret for å sikre forsvarleg bemanning ligg hos barnehageeigaren, medan styraren har det daglege ansvaret for å vurdere og følge opp bemanningssituasjonen. Det er viktig at tilsette melder frå dersom dei opplever at bemanninga ikkje er tilstrekkeleg, slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk. Dette kan omfatte bruk av vikarar, om disponering av personalressursar eller tilpassing av aktivitetar.

Rettleiaren er eit praktisk verktøy som skal bidra til å sikre at barnehagane har eit godt grunnlag for å vurdere og sikre tilstrekkeleg bemanning, og dermed leggje til rette for eit trygt, utviklande og inkluderande barnehagetilbod for alle barn.

Statsforvaltaren *forventar* at kommunen sikrar at barnehageeigarar og styrarar er kjende med rettleiaren, og bidrar til at innhaldet vert forstått og teke i bruk som eit verktøy i vurderinga av bemanningssituasjonen. Dette inneber mellom anna å legge til rette for dialog, kompetanseheving og oppfølging som fremjar forsvarleg og kvalitativ drift i tråd med nasjonale føringar.

#### Signaldokument:

- [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- [Prop. 138 L \(2024–2025\) - regjeringen.no](#)
- [Veileder om tilstrekkelig bemanning i barnehagen | udir.no](#)

### 2.6.3 Barnevern

**Krav/pålegg:** Kommunane skal samordne og samarbeide for å gi forsvarlege tenester.

**Krav/pålegg:** Kommunestyret skal ha ein plan for kommunens førebyggjande arbeid.

**Krav/pålegg:** Barneverntenestene skal levere ein tilstandsrapport til kommunens administrative og politiske leiding kvart år.

**Krav/pålegg:** Barneverntenesta skal vurdere slekt og nettverk som fosterheim.

**Krav/Pålegg:** Barnevernstenesta skal lage ein plan for undersøkingar.

**Krav/pålegg:** Barneverntenesta skal jobbe aktivt for å følge opp barn og foreldre etter plassering i fosterheim eller på institusjon. Kommunane skal når barn flytter ut av heimen be Bufetat om tverrfagleg helsekartlegging.

**Krav/pålegg:** Kommunane må sikre at nasjonalt forløp for barnevern – kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus blir følgt opp i alle tenesteområda.

**Krav/pålegg:** Kommunane må stimulere til leiarfagleg utvikling hos barnevernsleiarar i kommunen, slik at barnevernsleiarane styrker si leiing og styring av barnevernstenesta.

Barnevernsleiarane *bør* vere i eit leiarnettverk med andre barnevernsleiarar, der dei har merksemd på leiarutvikling.

Barneverntenestene *bør* gjennomføre det landsomfattande tilsynet med barnevernstenestene sine undersøkingar i 2024-2025. Tilsynet fokuserer på eigenkontroll, der barnevernstenestene sjølve vurderer arbeidet sitt med undersøkingar.

Barnevernstenesta *bør* følge opp kompetansesatsinga til Bufdir og delta i læringsnettverk med andre kommunar for å styrke eiga tiltaksvifte og kompetanse.

**Krav/pålegg:** Kommunane må sørge for at dei har tilstrekkeleg forvaltningskompetanse i barnevernstenesta.

Barnevernstenesta *bør*, saman med andre kommunale aktørar, følge opp regjeringa si satsing på førebygging av psykisk helse hos barn og unge, og kamp mot barnefattigdom. Dette gjeld og arbeidet mot vald og overgrep mot barn, vald i nære relasjonar, negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

#### **Signalokument:**

- [Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Lovdata](#)
- [Prop. 83 L \(2024–2025\) - regjeringen.no](#)
- [Prop. 36 S \(2023–2024\)](#)
- [Bekjempelse av negativ sosial kontroll og æresrelatert vold i Norge - regjeringen.no](#)
- [Prop. 133 L \(2020–2021\) - regjeringen.no](#)
- [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet](#)
- [Forskrift om barnevernstjenestens oppfølging av barn på barnevernsinstitusjon \(oppfølgingsforskriften\) - Lovdata](#)
- [Fagstøtte barnevern og oppvekst | Bufdir](#)
- Barnevern – kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus - Helsedirektoratet

## 2.7 Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester

Lokale helse- og omsorgstenester og sosiale tenester bidreg til å styrke ei rekke av FNs berekraftsmål. Det primære er mål nr. 3 som skal sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder. God helse er ein grunnleggande føresetnad for menneskes høve til å nå det fulle potensialet sitt og for å bidra til utvikling i samfunnet. For kommunane gjeld det å balansere best mogleg mellom dei store sosiale sektorane, innanfor dei økonomiske rammene. Her vil det altså vere tale om både økonomiske og politiske prioriteringar.

Kommunane har ansvaret for forsvarlege, individuelt vurderte helse- og omsorgstenester til alle sine innbyggjarar. Dette blir krevjande med dei store utfordringane som ligg fram i tid med fleire som treng tenester samstundes som ressursar og tal tilsette ikkje aukar i same grad. Rekrutteringa er utfordrande fordi det òg blir stadig færre personar i arbeidsfør alder per pensjonist. Fleire kommunar har no store problem med å få tak i kvalifisert personell. Etterspurnaden av tenester til dei som er under 65 år, og den generelle forventninga til dei kommunale tenestene i samfunnet, held fram med å auke. Dette gjer eit gap i forventningar som er svært utfordrande for kommunane å kunne dekkja. Dette krev at dei flyttar ressursar frå andre sektorar og over i pleie og omsorg.

Det er viktigare enn nokon gong at kommunen satsar på det systematiske folkehelsearbeidet, rehabilitering og førebygging av utanforskap og psykiske lidingar i den yngre generasjonen. Slik kan det være mogleg å dekke opp behovet for arbeidstakarar og bremse etterspurnaden av helse- og omsorgstenester blant den yngre generasjonen. Det er og viktig at kommunen jobbar med å auke forståinga i befolkninga om at kvar og ein sjølv må ta eit større ansvar for eigen helse og alderdom. Det er og naudsynt å avstemme forventningane blant innbyggjarane og dei tilsette opp mot tilgjengelege økonomiske

ressursar og kompetanse og legge tenesteytinga på rett nivå.

Bo trygt heime-reforma legg vekt på kor viktig det er at sektorane utanfor helse- og omsorgssektoren bidreg til å redusere veksten innan helse- og omsorgstenestene framover til dømes gjennom systematisk folkehelsearbeid, bustadsosialt arbeid og utviklinga av eit aldersvenleg samfunn.

### 2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse

#### Fellesskap og meistring – Bu trygt heime

Helse- og omsorgstenestene kan ikkje åleine løyse dei framtidige utfordringane som følger av den demografiske utviklinga.

Å planlegge for eit aldersvenleg samfunn er avgjerande i møte med demografi-utfordringane.

Bu trygt heime-reforma er bygd opp kring innsatsområda

- levande lokalsamfunn
- bustadtilpassing og planlegging
- kompetente og myndiggjorde medarbeidarar
- tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Betre planlegging, styrka førebygging og meir målretta tenester skal bidra til at eldre kan bu trygt heime lenger, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett.

Vi *forventar* at kommunane følger opp måla i reforma, og har et særleg fokus i planane sine på å legge til rette for at eldre som kan og vil skal kunne bu lengre heime.

**Signaldokument:** [Meld. St. 24 \(2022-2023\)](#)  
[Bu trygt heime](#)

#### Dreining av tenestene og nytenking

For å møte dei demografiske utfordringane som ligg føre oss må kommunane auke innsatsen for å utsette eller redusere behov

for pleie- og omsorgstenester. Mangelen på helsepersonell gjer at kommunane òg må prioritere innovasjon og strategisk planlegging av kompetanseutvikling.

Regjeringa har fleire ulike satsingar som alle skal motivere kommunane til å dreie innsatsen i helse- og omsorgstenesta mot auka førebygging og tidleg innsats, til dømes kapittel 3 i Nasjonal helse og samhandlingsplan "En helse- og omsorgstjeneste som fremmer forebygging og mestring". Vi *forventar* at kommunane prioriterer å bygge opp kompetanse på rehabilitering og mestring for å få til den endringa som er naudsynt i "den nye heimetenesta".

**Signaldokument:** [Meld. St. 9 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)

### Folkehelse

Vi *forventar* at kommunane vektlegger folkehelsearbeid og det førebyggjande arbeidet med fornya styrke i 2026, for å sikre framtidig berekraft i helse- og omsorgstenestene. Betre helse i befolkninga er avgjerande for å redusere behovet for innsats frå helsepersonell.

Stortinget vedtok endringar i folkehelselova 6. juni. Endringane gjeld frå 1. januar 2026. Nokre av dei viktigaste endringane i lova er:

- Psykisk helse blir vektlagd i formål og som innsatsområde i folkehelsearbeidet
- Det systematiske folkehelsearbeidet endrast på to måtar. Det blir stilt nye krav til at vurdering av oppfølgingsbehov, under dette planbehov, skal vere ein del av det kommunale og fylkeskommunale avgjerdsgrunnlaget. Vidare er det tydelegare krav til evaluering av folkehelsearbeidet

Vi *forventar* at kommunane jobbar langsiktig og systematisk med sitt folkehelsearbeid og har god oversikt over dei lokale folkehelseutfordringane.

Det er viktig at kommunen har forankra folkehelsearbeidet i kommuneplanane sine,

og at det blir lagt til rette for ei aktivitetsvennleg samfunnsutvikling. Gode levevaner bør etablerast så tidleg som mogleg, og barn og unge er derfor ei viktig målgruppe for det systematiske og langsiktige arbeidet.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal ha rutinar som sikrar at folkehelseoversikta etter folkehelselova § 5 annet ledd, skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Helse- og omsorgstenestene skal bidra i kommunens folkehelsearbeid, og inn i arbeidet med å utarbeide oversikt over helsetilstand og faktorar som kan påverke helsa jf. Folkehelselova § 5.

Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar *bør* inngå i strategien, jf. Plan- og bygningslova § 10-1.

**Signaldokument:** [NOU 2023:4 Tid for handling. Meld- St- 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga - Nasjonal strategi for utjamning av sosiale forskjellar Prop. 82 L \(2024–2025\) - regjeringen.no](#)

### Vaksenvaksinasjonsprogrammet

Stortinget har i statsbudsjettet for 2025 vedtatt at det skal etablerast eit vaksinasjonsprogram for vaksne og personar i risikogrupper. Endring i forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram tredde i kraft 1. juni 2025, og vaksinasjon vil starte hausten 2025. Etableringa vil bygge på organiseringa av influensa- og koronavaksinasjons-programmet. Vi ber kommunen sette seg inn i dei føringane som kjem. Sjå meir informasjon frå FHI her: [Vaksinasjonsprogram for vaksne](#).

**Signaldokument:**

[Forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram](#)

### Rus og psykisk helse

Regjeringa har fleire satsingar som samla skal bidra til å styrke tenestene til personar som har ulike lidningar knytt til rus og psykiske lidningar. Vi ber kommunane halde ei høg merksemd på denne pasientgruppa, og særleg utsette barn og unge.

Opptrappingsplanen for psykisk helse 2023-2033 gjer greie for regjeringa si satsing på feltet. Vi *forventar* at kommunane legg vekt på hovudsatsningene i deira planar, og at innsats og tenestetilbod blir utvikla i tråd med føringane i planen.

Vidare *forventar* vi at kommunane:

- prioriterer tverrfagleg førebyggjande innsats og tilgjengelege lågterskeltilbod
- arbeider førebyggjande for at psykiske helseplager ikkje utviklar seg til å bli psykiske lidingar
- sørger for at brukarar og pårørande får medverke i utforminga av tenestene, slik dei har rett til etter lova

**Signaldokument:** [Meld. St. 23 \(2022–2023\)](#)

### **Førebygging- og behandlingsreforma**

I 2024 og 2025 la regjeringa fram Førebygging- og behandlingsreforma i to delar. Reforma har seks hovudinnsats-område:

- Fremme likebehandling og oppfylle retten til god helse og livskvalitet
- Forsterka innsats mot overdosar
- Fremme kunnskapsbasert førebyggjande innsats
- Fremme pasient-, brukar- og pårørandeperspektivet
- Vidareutvikle behandlings- og oppfølgingstilbod
- Kunnskap og kompetanseutvikling

Vi *forventar* at kommunane tek innsatsområda inn i sine planar, og at innsats og tenestetilbod blir utvikla i tråd med føringane i stortingsmeldinga.

**Signaldokument:** [Del I av regjeringens forebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet - Meld. st. 5 \(2024–2025\)](#). [Del II av regjeringens forebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet - regjeringen.no](#)

### **ROP-pasientar**

Riksrevisjonen la i februar 2025 fram ein rapport frå undersøkinga av tenestetilbodet til personar med samtidig rusmiddelliding og

psykisk lidning (ROP-pasientar). Konklusjonen var at tenestetilbodet gjennomgåande ikkje er tilpassa denne brukergruppa, og at tilboda som finnes er fragmenterte og ukoordinerte. Vi *forventar* at kommunane gjer seg kjend med innhaldet i Riksrevisjones rapport, og vil jobbe tverrsektorielt for å sikre gode, koordinerte tenestetilbod til denne brukergruppa.

**Signaldokument:**

[Dokument 3:5 \(2024–2025\) – Helse- og velferdstenester til personer med samtidig rusmiddelliding og psykiske lidingar, Riksrevisjonen](#)

### **Psykisk helsearbeid barn og unge**

Vi *forventar* at kommunane held fram med å førebygge psykiske helseplager og utvikling av psykiske lidinger hos barn og unge, og implementerer råda i den nasjonale veilederen om psykisk helsearbeid til barn og unge.

**Signaldokument:** [Psykisk helsearbeid barn og unge - Helsedirektoratet](#)

### **Brukermedverknad**

Vi *forventar* at kommunen gjer seg kjend med dei nye nasjonale faglege råda om brukar- og pårørandemedverknad i rus- og psykisk helsefeltet, og implementerer dei i sin drift.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal ha oversikt over faktorar som påverkar oppvekstvilkåra og den psykiske helsetilstanden til barn og unge i kommunen, og sørge for at planar inneheld mål og strategiar for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet for barn og unges psykiske helse, jf. Folkehelseloven § 5 og Forskrift om oversikt over folkehelsa § 3.

Kommunen skal sørge for at brukarar og pasientar bli høyrde og får medverke i planlegging og utvikling av tiltak og tenester, jf. helse- og omsorgstenesteloven § 3-10. Dette gjeld også barn og unge, jf. FNs barnekonvensjon artikkel 12 og Barnelova § 31.

**Signaldokument:** [Bruker- og pårørendemedvirkning i rus- og psykisk helsefeltet - Helsedirektoratet](#)

### Legetenesta

Regjeringa sitt arbeid med å styrke den offentlege allmennlegetenesta og dei akuttmedisinske tenestene tydeleggjerast gjennom Meld. St. 23 (2024–2025) Fornye, forsterke, forbedre – Fremtidens allmennlegetjenester og akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus, som Helse- og omsorgsdepartementet la frem den 10. april 2025. I meldinga omtales ein fornya, forsterka og forbedra fastlegeordning, ein tilgjengeleg og samanhengande akuttmedisinsk kjede, en modernisert allmennlegeteneste for det digitale skiftet, folkehelse og førebuing og tenester til personar med store og samansette behov, samt kompetanse og kunnskap. Stortinget handsama meldinga i juni. Vi ber kommunane gjere seg kjent med de politiske føringane på feltet.

**Signaldokument:** [Meld. St. 23 \(2024–2025\)](#)

### Endringar til fastlegeforskrifta

Det kan komme endringar i fastlegeforskrifta, med blant anna nye krav til både næringsdrivande fastlegar og kommunale fastlegekontorer. Ny forskrift var ute på høyring våren 2025. Vi ber kommunen følge med på nye styringssignal på dette feltet.

**Signaldokument:** [Høring om forslag til ny forskrift om fastlegeordning i kommunene mv. - regjeringen.no.](#)

### Rekvirering av vanedannande legemiddel

Statsforvalteren har i perioden 2024 til 2026 auka merksemd på rekvirering av vanedannande legemiddel, ettersom rekvireringa av disse legemidlane er høg i Vestfold og Telemark. Vi oppfordrar alle kommunar til å initiere og/eller understøtte vidare forbetningsarbeid på området, både overfor kommunen sine fastlegar og andre instansar i kommunen som har noko med disse legemidlane å gjere. Det er viktig at

Helsedirektorat sin rettleiar Vanedannende legemidler gjerast kjent og følgast.

**Signaldokument:** [Vanedannende legemidler - Helsedirektoratet](#)

### Kommuneoverlegefunksjonen

Vi ber kommunen gjere seg kjent med føringane som kom i den nye rettleiaren om kommuneoverlegefunksjonen. Rettleiaren klargjer og avgrensar kommuneoverlegen sine oppgåver og har som mål å styrke arbeidet med folkehelse og beredskap.

**Signaldokument:** [Kommunens organisering av kommuneoverlegefunksjonen og samfunnsmedisinsk arbeid i kommunen - Helsedirektoratet](#)

### Prioriteringar

Helsedirektoratet publiserte 10. april 2025 ein ny rettleiar for prioriteringar i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Rettleiaren rettar seg både mot leiinga i kommunen, mot saksbehandlarar og mot kvart enkelt helsepersonell. Rettleiaren utdjuar korleis omgrepa nytte, ressurs og alvor kan forståast og inkluderast i det faglege skjønnet til helsepersonellet. Det blir lagt opp til at kommunen sjølv skal jobbe systematisk med prioriteringsarbeid, basert på prioriteringskriteriene.

Omgrepet «nødvendige helse- og omsorgstenester» skal framleis tolkast slik at det gir rettskrav på nødvendig hjelp med forsvarleg standard, basert på ein individuell helse- og omsorgsfagleg vurdering av behov.

Prioriteringar kan bety å tilby nye tiltak og tenester eller avvikla eksisterande, basert på vurderingar kommunen må gjera.

Vi *forventar* at kommunen gjer seg kjent med innhaldet, og jobbar systematisk med prioriteringsarbeid, basert på prioriteringskriteria nytta, ressurs og alvor. I tillegg skal det alltid vurderast korleis barn blir ramma av tiltak og kva som vil vera til barnets beste både på system og individnivå.

**Signaldokument:** [Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester - Helsedirektoratet. Saksbehandlere og helsepersonellet - Helsedirektoratet](#)

### **Strategisk kompetanseutvikling**

Strategisk kompetanseplanlegging er viktig for å sikre naudsynt kompetanse og kapasitet i tenestene i tida framover. Vi anbefaler at kommunane nyttar seg av verktøyet til KS i arbeidet, og samarbeider med utdanningssektoren og helsefelleskapet om utvikling av utdanningsforløp.

**Krav/pålegg:** Planlegginga skal skje i tråd med Lov om folkehelsearbeid § 6 og i tråd med berekraftsmåla i § 1 i Plan- og bygningsloven.

**Signaldokument:** [Strategisk kompetanseplanlegging bør benyttes for å sikre tilstrekkelig fagkompetanse i tjenestene - Helsedirektoratet. Verktøy for strategisk kompetanseplanlegging - Hjem](#)

## **2.7.2 Sosiale tenester i Nav**

### **Barne- og familieperspektivet i Nav**

Vi *forventar* at kommunane er spesielt merksame på tilhøve som har noko å seie for oppvekstvilkåra for barn og unge ved handsaming av søknad om økonomisk stønad. Barn som veks opp i hushald med låginntekt har auka fare for å oppleve at dei ikkje har dei same gode som andre barn.

Barn og unge skal sikrast ein trygg oppvekst og kunne delta i alminnelege skule- og fritidsaktivitetar, uavhengig av om foreldra har ein vanskeleg økonomi.

Nav-kontoret har ansvar for å ta vare på behovet til barn og unge i kartlegginga av hjelpebehovet og i utmåling av økonomisk stønad til familien.

Det følger av Barnekonvensjonen artikkel 3 at omsynet til barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. Føremålet med sosialtenestelova er mellom anna at lova

skal bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, jf. § 1.

**Krav/pålegg:** Kommunane må kartlegge barna sine behov når familien søker om økonomisk stønad. Det følger av sosialtenestelova § 43, jf. forvaltningslova § 17, at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før det treffest ei avgjerd.

### **Signaldokument:**

- [Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova](#)
- [Barnets beste - en veileder for deg som jobber i Nav](#)

### **Kvalifiseringsprogrammet**

Kvalifiseringsprogrammet er ei viktig teneste i sosialtenestelova for å hjelpe personar som treng individuelt tilpassa oppfølging til å komme i arbeid, og skal òg fremme sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Kvalifiseringsprogrammet er ein rett etter sosialtenestelova for personar som fyller inngangsvilkåra. Vi *forventar* at kommunen gir tilbod om program til de som fyller vilkåra.

Det er utarbeidd eit verktøy for å styrke arbeidet i kommunen med å kartlegge og identifisere deltakarar til kvalifiseringsprogrammet. Vi *forventar* at kommunane brukar verktøyet til å identifisere aktuelle deltakarar.

**Krav/pålegg:** Det følger av sosialtenestelova § 29 at brukarar som fyller vilkåra har rett til program.

### **Signaldokument:**

[Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova](#)

### **Økonomisk rådgjeving**

Barn, unge og familiar i vanskelege livssituasjonar er særleg utsett for den tilleggsbelastninga dei auka prisane i samfunnet fører til. Personar som har utfordringar med privatøkonomien sin vil ofte også få problem med særleg helse,

bustad og forsørgaransvar. Vi *forventar* at kommunane har ei synleg og tilgjengeleg teneste på økonomisk rådgiving for alle som har behov for det. Det betyr å gi råd og rettleiing om alt frå dagleg økonomi til større gjeldsproblem.

Vi *forventar* at leiinga sørger for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse for å kunne vareta denne oppgåva, under dette også vere i stand til tidleg nok å kunne avdekke og førebygge økonomiske og sosiale problem.

**Krav/pålegg:** Det følger av sosialtenestelova § 17 at kommunen skal gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem. Det skal fattast skriftleg vedtak på tenesta.

#### Signaldokument:

- [Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova](#)
- [Veileder til sosialtjenesteloven § 17. Hvordan fatte vedtak på tjenesten opplysning, råd og veiledning?](#)

### 2.7.3 Bustadsosialt arbeid

Gjennom lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet (boligsosiallova), har kommunane ei plikt til å gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Føremålet med lova er å førebygge bustadsosiale utfordringar og at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Lova gir ikkje den eindskilde rett til ein bustad.

Vi *forventar* at kommunen har eit tilbod som gjer kommunen i stand til å gi individuelt tilpassa bistand til dei vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Vi *forventar* at bustadlause raskt skal få tilbod om varig bustad, og at barn og unge skal prioriterast.

Vi *forventar* at kommunane jobbar for at ingen skal bli bustadlaus etter lauslating frå fengsel, etter utskriving frå institusjon, etter

opphald på krisesenter eller etter tiltak i barnevernet.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal, etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 6, gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ei avgjerd om å gi eller avslå bistand, skal fattast i form av eit skriftleg enkeltvedtak, jf. § 7.

#### Signaldokument:

- [Bustadmeldinga - ein heilskapeleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet \(Meld. St. 13 2023-2024\)](#)

### 2.7.4 Husbanken

Husbankens samfunnsoppdrag er å førebygge at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, bidra til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad og støtte kommunane i sitt bustadpolitiske arbeid.

#### Bustadmeldinga

«Bustadmeldinga – ein heilskapeleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet» er sentral for Husbankens tilbod og samarbeid med kommunane (Meld. St. 13). Meldinga inneheld fire innsatsområde:

1. Fleire skal få høve til å eige eigen bustad
2. Leigemarknaden skal vere trygg og føreseieleg
3. Ta vare på bustadene vi har, og byggje dei vi treng
4. Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad

#### Startlån

Ei viktig ordning er startlån frå Husbanken. Der kan dei som ikkje får lån eller ikkje tilstrekkeleg lånebeløp for å skaffe seg ein eigna bustad få hjelp. Husbanken låner ut midlar til kommunane, så gjer kommunane jobben med å låne ut pengar til dei som har dei største behova.

Startlån er det viktigaste bustadpolitiske verkemiddelet for å hjelpe fleire inn på bustadmarknaden. Kommunane skal prioritere barnefamiliar, personar med utviklingshemming og eldre.

### Eldrebustadprogrammet

Husbanken har det overordna ansvaret for Eldrebustadprogrammet, som er eit av tiltaka i Bu trygt heime-reformen. Målsettinga med programmet er å

medverke til at alle skal ha tilgang til ein eigna bustad i eit aldersvennleg bumiljø.

#### Signaldokument:

- [Bustadmeldinga - ein heilskapeleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet \(Meld. St. 13 2023-2024\)](#)
- [Bu trygt heime \(Meld. St. 24 \(2022-2024\)\)](#)

## 2.8 Integrering

Arbeidet med integrering av flyktningar frå Ukraina rører ved ei rekke av FN's berekraftsmål. I denne samanhengen er det mest relevant å peike på mål nr. 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn; alle må få tilgang til tilstrekkelege, trygge og overkommelege stader å bu, og flyktningar må inkluderast i samfunna. I tillegg bidreg god integrering til å styrke berekraftsmål nr. 16 som skal fremme frededelege og inkluderande samfunn, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Stortinget vedtok 6. juni 2025 fleire endringar i integreringslova med føremål å styrke arbeidsretta kvalifisering og formell

opplæring i introduksjonsprogrammet. Endringane skal medverke til betre integrering gjennom målretta tiltak og eit meir oversiktleg regelverk.

Endringane trer i kraft frå hausten 2025.

#### Signaldokument:

- [Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid \(integreringsloven\) - Lovdata](#)
- [Forskrift til integreringsloven \(integreringsforskriften\) - Lovdata](#)
- [Veileder til integreringsloven | IMDi](#)
- Prop. 107 L (2021–2022): Midlertidige endringer i lovverket som følge av ankomst av fordrevne fra Ukraina

## 2.9 Utsette barn og familiar

Arbeidet med å styrke utsette barn og unge og familiare deira bidreg til å styrke ei rekke av FN sine berekraftsmål. Både mål nr. 10 om å fremme mindre forskjellar, nr. 4 om god utdanning til alle og nr. 1 om å redusere talet på familiar som lever i fattigdom er relevante tema. Å fremme desse måla kan komme i konflikt med økonomiske omsyn, men òg andre sosiale omsyn. For kommunane gjeld det å balansere best

mogleg mellom dei store sosiale sektorane, innanfor dei økonomiske rammene. Her vil det altså vere tale om både økonomiske og politiske prioriteringar.

Velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator) har som føremål å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiare deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal sørge for harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ein samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester, innføring av ein rett til barnekoordinator, og dessutan utviding av ordninga til helse- og omsorgstenesta med lovpålagte samarbeidsavtalar.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal sørge for å ha eit godt samarbeid om tenester som er retta mot utsette barn og familiar, arbeidet må vere samordna og godt koordinert.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at tilsette som arbeider med barn og unge har generell kunnskap om vern- og risikofaktorar, teikn og signal, slik at dei tidleg kan identifisere dei som lever i ein risikosituasjon.

Kommuneleiinga *bør* sørge for at relevante verksemdar, der tilsette møter barn og unge i det daglege arbeidet sitt, har rutinar for korleis dei tilsette kan handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at dei verksemdene som arbeider med barn, unge og foreldra deira i det daglege, har avtalar om samarbeid på systemnivå som sikrar oppfølging av involverte barn og unge.

Kommunen *bør* vere merksam på evalueringa av endringane i velferdstjenestelovgivinga som blei publisert 21. mars 2025 og er ein del av ei større evaluering utført av NTNU Samfunnsforskning på oppdrag frå mellom anna Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Delrapport 2 viser at det er stor vilje til å følge opp dei nye reglane om samarbeid,

samordning og barnekoordinator, men at praksisen varierer mykje mellom kommunar og tenester. Det manglar ofte ei felles forståing av kva samarbeid og samordning faktisk inneber, noko som gjer det vanskeleg å få til heilskapleg oppfølging.

Barnekoordinatorordninga blir sett på som eit positivt tiltak, men mange kommunar slit med å finne ressursar og kompetanse til å fylle rolla godt.

Rapporten peikar òg på behovet for betre leiing, rutinar og digitale verktøy som kan støtte samhandlinga. Der samarbeidet fungerer, opplever familiar betre hjelp og meir samanheng i tenestene – men dette er enno ikkje vanleg praksis overalt.

Meld.St. 28 (2024–2025) «Tru på framtida – uansett bakgrunn trekk fram ansvaret og forventningane som ligg til kommunane i arbeidet med å sikre like moglegheiter for alle barn og unge – uavhengig av bakgrunn.

Vi oppmodar kommunane til å sette seg inn i meldinga og vurdere korleis dei nasjonale føringane kan bli følgt opp lokalt. Det er særleg viktig med forankring i leiinga og eit tett samarbeid mellom tenester som barnehage, skule, helsestasjon, barnevern og NAV.

#### **Signaldokument:**

- Prop. 100 L (2020–2021) Endringar i velferdstjenestelovgivingen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)
- [Evaluering av endringer i velferdstjenestelovgivingen-samarbeid, samordning og barnekoordinator - Helsedirektoratet](#)
- [Meld. St. 28 \(2024–2025\) - regjeringen.no](#)

## 2.10 Miljø

Miljø er den eine av dei tre overordna berekraftsdimensjonane, saman med økonomi og sosiale forhold. Relevante berekraftsmål er nr. 6, 13, 14 og 15. Varetaking av miljøomsyn kan komme i konflikt med mellom anna mål nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, og dessutan mål nr. 7 om rein energi. Utbygging av fornybar energi er ein nødvendig del av det grønne skiftet, men er ofte er svært arealkrevjande og fører til nedbygging av viktig natur. Berekraft blir oppnådd gjennom å søke løysingar som avgrensar konflikten.

### 2.10.1 Natur

Naturens økosystem spelar ei stadig viktigare rolle i arbeidet med å kutte klimagassutslepp og tilpasse oss klimaendringar. Tap av natur kan få store konsekvensar for både økonomien og livskvaliteten vår.

I 2024 la Regjeringa fram Naturmeldinga; Noregs nye handlingsplan for natur (Meld. St. 35 (2023–2024), behandla av Stortinget i januar 2025). Meldinga skal bidra til å stoppe tap av natur og til å oppfylle dei internasjonale forpliktingane våre. Vi viser særleg til kapittel 6 som inneheld ei rekke mål innanfor relevante tema.

Vi *forventar* at kommunane prioriterer varetaking av natur høgt når avgjerder skal treffast. Særleg forventar vi at kommunane gjennom arealforvaltninga aktivt førebygger tap av biologisk mangfald og nedbygging av leveområda til artane. Vi viser til kap. 2.12 i dette brevet om natur i arealplanlegging.

#### Signaldokument:

- Naturmangfaldlova §§ 8- 12
- Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven.
- Vassressurslova § 11
- Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1
- Handlingsplan mot skadelige fremmede arter i Vestfold og Telemark (sept. 2020)

- Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein
- Meld. St. 35 (2023–2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur -Norsk handlingsplan for naturmangfold

### 2.10.2 Forureining

Kommunane har fleire myndigheitsområde og pliktar etter forureiningsregelverket, mellom anna innan avlaup, avfall, forureina luft og grunn. Miljødirektoratet har ansvar for å gi kommunane ei heilskapleg, nettbasert rettleiingsteneste på miljøområdet. Vegvisaren i kommunal planlegging og miljøforvaltning finst på nettstaden [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Vi *forventar* at ansvaret for miljø og forureining er avklarte og tydeleg plassert i kommunane.

#### Signaldokument:

- Forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemder.

#### Avlaup

Klimaendringar, arealendringar og vekst i folketalet aukar belastninga på avlaupsinfrastrukturen. Vi *forventar* at kommunane planlegg og legg til rette for tiltak på avlaupsnettet som avgrensar forureiningar på avvege og reduserer mengd av framandvatn til reinseanlegga. Kommunane må styrke innsatsen med tilsyn og oppfølging av krav i løyve til utslepp av avlaupsvatn.

“Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden” syner at fleire område av Oslofjorden har for stor tilførsel av nitrogen. Reinsing av nitrogen ved avlaupsreinseanlegga er eit av tiltaka som skal gjennomførast for å betre situasjonen i Oslofjorden. Vi har pålagt kommunar med utslepp i nedbørsfeltet til Oslofjorden, å greie ut handlingsrommet til kommunen for å få på plass nitrogenfjerning som reinseløysing for kommunalt

avlaupsvatn i tettbygde områder med over 10.000 pe innan 2030/2031.

Vi oppmodar kommunane om å ta kontakt med oss for meir informasjon og rettleiing om dette temaet.

Vi ser positivt på samarbeid mellom kommunane for å oppnå betre og raskare reinsetiltak for utslepp av kommunalt avlaupsvatn til Oslofjorden. Samarbeid mellom kommunar om å etablere nitrogenfjerning *bør* avklarast så raskt som mogeleg. Vi vil halde fram arbeidet med fornying av løyva for aktuelle reinseanlegg og *forventar* samarbeid med kommunane om dette viktige temaet.

**Krav/pålegg:** Alle avlaupsanlegg i kvar einskild kommune skal oppfylle reinsekrav i forureiningsforskrifta slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nåast innan 2027, og seinast innan 2033. Det går fram av dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane, frå Klima- og miljødepartementet av 19. mars 2019.

#### **Signaldokument:**

- Forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 14,
- Forureiningsforskrifta kap. 15A
- Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden,
- Regional vassforvaltningsplan.

#### **Avfall**

1. januar 2025 tredde endringane i avfallsforskrifta kapittel 10a i kraft. Endringane fører til at også glas- og metallemballasje, papp-, papir- og tekstilavfall skal utsorterst og leverast til materialgjenvinning.

I forskrifta er det sett bindande krav til kommunen om å gradvis auka delen mat- og plastavfall som blir utsortert frå hushald. Frå og med 2025 skal minst 55 prosent av alt matavfall dei samlar inn, vere kjeldesortert. Utsorteringskravet aukar deretter til 60 prosent i 2030 og 70 prosent i 2035.

For plastavfall som kan attvinnast skal minst 50 prosent vere utsorterte frå og med 2028.

Utsorteringskravet aukar deretter til 60 prosent i 2030 og 70 prosent i 2035.

Ettersom utsorteringskravet aukar, er det viktig at kommunane jobbar kontinuerleg med å forbetre utsorteringsdelen i hushalda for å oppfylle krava.

Pliktene for kommunen gjeld berre for avfall frå private hushald. Når kommunen handterer avfall frå eiga verksemd, slik som frå skular, barnehagar, kantiner, kontorlokale og så vidare, har dei pliktar tilsvarende dei som gjeld for verksemdar som genererer hushaldsliknande avfall.

**Krav/pålegg:** Kommunens skal sortere ut og attvinne avfall som kan attvinnast frå hushalda. Kommunane skal sørge for at private hushald har tilgjengelege sorteringsløsningar for dei ulike avfallsfraksjonane. Både hente- og bringeordningar kan oppfylle dette kravet.

**Signaldokument:** Avfallsforskrifta kap. 10a

### **2.10.3 Vassforvaltning**

Arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane for kommande planperiode 2028-33 har starte. Samstundes er det viktig at alle sektorar, inkludert kommunane, gjennomfører dei tiltaka som er vedtekne for inneverande periode.

#### **Oslofjorden**

Konklusjonane frå Oslofjordarbeidet viser at det er gjort betydeleg innsats for å redusere utslepp av nitrogen frå jordbruket, og mange kommunar er no godt i gang med å planlegge nitrogenreinseanlegg. Av kommunanes tiltak ser ein ikkje auka innsats i arbeidet med å redusere utslepp frå spreidd avløp og å ta vare på kantvegetasjon mot vassdrag. I 2025 vart det utarbeidd ein ny rapport om tilstanden i økosystemet i Oslofjorden. Det er for tidleg å sjå betring av tilstanden som følge av tiltaka i Oslofjordplanen, men ved å gjenta undersøkinga ca. kvart femte år kan ein på sikt sjå om tiltaka har effekt. Oslofjordplanen gjeld i fyrste omgang fram mot 2026, men det er venta at det blir ein ny planperiode.

Statsforvaltaren får mange meldingar om inngrep i kantvegetasjon. Kantvegetasjonen langs vassdrag har stor verdi og mange viktige funksjonar, som erosjonssikring, flaumdemping, varetaking av biologisk mangfald, reduserer avrenning av næringsstoff frå landbruket og som viktige landskapselement. Vassressurslova §11 set krav om at det skal oppretthalde naturleg kantvegetasjon langs alle vassdrag med årssikker vassføring. Statsforvaltaren kan i særlege tilfellet gje løyve til fjerning av kantvegetasjon.

I samband med rapporteringa på Oslofjordplanen 2025 kom det fram at innsatsen for å ta vare på kantvegetasjonen langs vassdraga rundt Oslofjorden ikkje er

forsterka, og det er derfor behov for å auka innsatsen i 2026. For å bidra til dette er det gitt ut ein ny digital rettleiar om tema: [Kantvegetasjon - Skjøtselsveilederen \(utgitt 2025\)](#). I tillegg har Statsforvaltaren laga ei eiga side som gir rettleiing om korleis ein skal jobbe med kantvegetasjon: [Kantvegetasjon langs vassdrag | Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark](#). Vi forventar at kommunane følger opp dette.

#### Signaldokument:

- Vassforskrifta
- Regional plan for vassforvaltning 2022-27
- Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden

## 2.11 Landbruk

Eit berekraftig landbruk er vesentleg for fleire av berekraftsmåla. Mellom anna vil matproduksjon bidra til å utrydde svolt (mål nr. 2), skogsdrift kan auke lagring av karbon og dermed bidra til å stoppe klimaendringane (mål nr. 13). Landbruksdrift kan komme i konflikt med berekraftsmåla 6 (reint vatn), 14 (livet i havet), og 15 (livet på land). Å tilpasse landbruksdrifta og søke etter ein god balanse mellom varetaking av dei ulike berekraftsmåla bidreg til å oppnå berekraft.

### 2.11.1 Konesjon

Frå 1. juli 2025 tredde fleire viktige endringar i konesjonslova i kraft. Dei mest sentrale endringane er å gjeninnføre priskontroll på reine skogeigedomar, å lovfeste vurderingstemaet for når selskap med avgrensa ansvar kan få konesjon og at føresegna skal gjelde tilsvarande for stiftingar, og å lovfeste at konesjonsrisikoen skal ligge hos seljar i bestemte tilfelle for å redusere uønskete tilpassingar til konesjonsregelverket. Kommunen har ansvar for å rettleie innbyggjarane og

handsame konesjons saker i tråd med det oppdaterte regelverket.

#### Signaldokument:

- Konesjonslova
- Prop. 66L (2024-2025)
- Rundskriv M-1/2021 og M-3/2002 frå Landbruks- og matdepartementet.

### 2.11.2 Driveplikt

Dyrka jord er ein avgrensa og verdifull ressurs. I samsvar med jordlova § 8 skal jordbruksareal drivast – dette er ei varig og personleg plikt for eigaren. Kommunen har etter jordlova § 19 plikt til å føre tilsyn med at driveplikta blir overhalden .

**Krav/pålegg:** Kommunane skal arbeide aktivt for å sikre best mogleg etterleving av driveplikta.

Satsinga "Areal som kan vere ute av drift" kan vere til god hjelp i dette arbeidet. Målet er at kommunane nyttar verktøyet i si oppfølging av driveplikta i det daglege.

### Signaldokument:

- Jordlova
- Rundskriv M-2/2021 og M-35/95 frå Landbruks- og matdepartementet
- Rundskriv 2024-35 frå Landbruksdirektoratet: Veileder om oppfølging av brudd på jordlova og konsesjonsloven.
- Temaside om driveplikt: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/matjord-jordvern-og-driveplikt/>

### 2.11.3 Tilskotsforvaltning og kontroll

Kommunen forvaltar ei rekke økonomiske verkemiddel på vegne av staten.

**Krav/pålegg:** Sakshandsaminga i kommunane skal sikre likehandsaming og rettstryggleik i tilskotstildelinga, og at tildelinga skjer i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er kommunane sitt ansvar å utføre forvaltingsoppgåver på ein forsvarleg måte, og etablere system og rutinar med innebygd internkontroll.

I våre forvaltingskontrollar av kommunane vil internkontrollsystem ha stor merksemd.

**Signaldokument:** Reglement for økonomistyring i staten §§ 14 og 15.

### Regionale miljøkrav i jordbruket

Frå 1. januar 2025 gjelder forskrift om regionale miljøkrav i jordbruket i Vestfold, og kommunane Skien, Porsgrunn, Siljan, Bamble, Midt-Telemark og Nome i Telemark. Miljøkrava inneheld tiltak som skal redusere avrenning av jord og næringsstoff til innsjø, vassdrag og til Oslofjorden. Kommunane skal rettleie og føre kontroll med at gardbrukaren oppfyller miljøkrava.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal føre kontroll med at gardbrukarane oppfyller miljøkrava.

### Ny gjødselbrukforskrift

Ny gjødselbrukforskrift gjeld frå 1. februar 2025. Forskrifta inneheld nye reglar for lagring og bruk av gjødsel, og gjeld både for husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Gjødselbrukforskrifta har ein del overgangsregler. Kommunane skal rettleie og kontrollere at regelverket blir følgt.

### Kommunale veterinærtenester

Kommunane skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, og har ansvar for å organisere ei klinisk veterinæravakt utanom ordinær arbeidstid.

Stimuleringstilskotet skal bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester på dagtid i næringssvake område.

Kvart år får vakt-distrikta tilskot direkte frå staten til administrasjon og til veterinæravakt utanom normal arbeidstid.

### 2.11.4 Næringsutvikling

Kommunen blir oppmoda til å mobilisere til næringsutvikling i landbruket. Det var endringar i forskrifta om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, IBU-forskrifta frå 3. februar 2025. Kommunane fekk ei mindre rolle i å handsame søknadene. Det er framleis ei forventning om at kommunane skal vere aktive i å mobilisere til næringsutvikling.

I Vestfold er det no utarbeidd ein ny landbruksstrategi. Vi oppmodar kommunane til å gjere seg godt kjend med den. I Telemark er ein ny strategi under arbeid og vil bli klar i løpet av 2025. I den regionale landbruksstrategien ligg dei lokale og regionale føringane. I tillegg har vi stortingsmeldingane og dei nasjonale strategiane.

Vi ønsker å støtte kommunane sitt arbeid med næringsutvikling. Kommunane har brei lokalkunnskap samstundes som dei og har ansvar for tilskotsordningane.

### Signaldokument:

Meld. St. 11 (2023-2024) Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket.

### 2.11.5 Ungskogpleie

Føremålet med skogbrukslova er "å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen".

Det er viktig at skogareal som er tatt i bruk til aktiv skogproduksjon gjennom hogst blir følgd opp med skogkulturtiltak, slik at tilveksten av råstoff til CO<sub>2</sub>-binding og tømmerindustrien vert halde oppe.

I 2023 fastsette kommunane, i samråd med skogeigarsamvirka og Statsforvaltaren, konkrete mål for ungskogpleieaktiviteten i kvar kommune i form av areal i dekar per år det bør utførast ungskogpleie på.

Vi *forventar* at kommunane aktivt følger opp aktivitetsmålet som er sett for ungskogpleie i kommunen og bidreg til auka skogkulturaktivitet i kommunen.

**Signaldokument:** Skogbrukslova, forskrift om berekraftig skogbruk

## 2.12 Arealplanlegging

Arealplanlegginga i kommunane står sentralt i arbeidet for å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling. Arealplanlegging verkar inn på ei rekke av berekraftsmåla, særleg nr. 13 om å stoppe klimaendringane, nr. 14 og 15 om livet i havet og på land og nr. 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn.

Vi oppmodar kommunane til å følge opp geosynkronisering av arealplandata i alle

### 2.11.6 Bruer i skogsbilvegnettet

Kommunane og Statsforvaltaren har dei siste åra samarbeidd om prosjekt kor alle bruene i skogsbilvegnettet i Telemark og Vestfold blir inspisert. Mange bruar har behov for vedlikehald, ombygging eller utskifting, om dei skal kunne nyttast til sikker tømmertransport.

Kommunane *bør* stimulere til at vegeigarar rustar opp bruar som ikkje er trygge og oppmode vegeigar til å søke om ombygging av bruar og tilskot til ombygging av bruar i god tid før arbeidet er tenkt gjennomført. Kommunen må sørge for at nye søknader blir lagt inn i «Veibanken» i fagsystemet ØKS og at «Veibanken» er oppdatert.

Landbruksdirektoratet legg registreringane i «Veibanken» til grunn for tildeling av tilskotsmidlar til fylka. Opprusting av bruar er ofte kostbare prosjekt, og det kan vere avgjerande med tilskotsmidlar for å utløyse prosjekt som er naudsynte for sikre eit trygt og samanhengande skogsbilvegnett.

Vi *forventar* at kommunane følger opp rapportane frå bruinspeksjonane og held «Veibanken» oppdatert.

**Signaldokument:** Skogbrukslova, forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, tildelingsbrev frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 22.01.2025.

planfasane (oppstart, høyring og vedtekne planar) til Nasjonal arealplanbase (NAP).

Vidare oppmodar vi kommunane til å følge opp forvaltninga av arealplanbasen mot Kartverket og NAP slik at planstatus (høyring, vedteken) og lenker til kommunane sine plankart/register er oppdaterte og fullstendige i NAP.

## 2.12.1 Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

**Krav/pålegg:** Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (SPR arealbruk og mobilitet) tredde i kraft 24. januar i år. Retningslinjene *skal* leggjast til grunn for kommunen sin planlegging og enkeltvedtak etter plan- og bygningslova.

Retningslinjene legg opp til ei differensiert arealforvaltning mellom regionar med større byar og regionar med mindre tettstader og grisgrendte strøk. Vi understrekar samtidig at kapittel 1-3 og 6-8 gjeld alle kommunar.

I dei generelle retningslinjene for heile landet i kap. 3, heiter det mellom anna at utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast for å oppnå løysingar som er arealeffektive, avgrensar transportbehovet og legg til rette for kollektivtransport, sykkel og gonge og fortetting rundt knutepunkt.

Retningslinjene legg stor vekt på at kommunane skal kartlegge og utnytte fortettings- og transformasjonspotensialet i eksisterande utbyggingsområde før nye naturområde blir tekne i bruk til utbyggingsformål, jf. m.a. punkt 3.10. Vi *forventar* at kommunane følger opp dette og dei andre punkta i retningslinjene i planlegginga si.

### Signaldokument:

- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025).

## 2.12.2 Nye statlege planretningslinjer for klima og energi

**Krav/pålegg:** Nye statlege planretningslinjer for klima og energi (SPR klima og energi) tredde i kraft 23. desember i fjor. Retningslinjene *skal* leggjast til grunn for kommunen sin planlegging og enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, og for kommunal verksemd.

Retningslinjene inneheld ei rekkje nye krav til kommunane knytt til klima og energi, inkl. nye kunnskapskrav og krav til den overordna klima- og energiplanlegginga til kommunen.

Mellom anna heiter det i punkt 4.2 a) at kommunane i samfunnsplanlegginga si skal innarbeide ambisiøse og konkrete mål, tiltak og verkemiddel for klimaomstilling i eiga verksemd og innan sitt geografiske område.

I kap. 4.3 er det teke inn eit eige punkt om karbonrike areal: "Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative arealer skal vurderes, og konsekvenser skal belyses". Vi *forventar* at kommunane følger opp dette.

Omdisponering av karbonrike areal kan gi grunnlag for motsegn. I tillegg til myr og våtmark vil vi ha merksemd på mellom anna skog av høg og svært høg bonitet. Vi vil legge vekt på at kommunane gjer reelle vurderingar av alternative areal.

### Signaldokument:

- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024).

## 2.12.3 Planvask

Vi *forventar* at kommunen ved revidering av kommuneplanens arealdel vurderer om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster. Urealiserte byggeområde som er i strid med ny kunnskap, nye føringar og nasjonale interesser, *bør* tilbakeførast til LNF. Vurderingane må synleggjerast i plandokumenta. Regjeringa framhevar jordvern, klima og villrein som særleg viktige tema å vurdere i planvask.

Vi viser også til ei tolkingsfråsegn frå Kommunal- og distriktsdepartementet, der departementet vurderer at 10-årsfristen for

å fremme motsegn i plan- og bygningslova § 5-5 ikkje er absolutt, og at det kan vere høve til å fremme motsegn dersom det har komme nye styringsdokument etter at gjeldande planar vart vedtekne. Dette klargjer eksempelvis Statsforvaltarens høve til å fremme motsegn til ein reguleringsplan for utbygging på dyrka jord, sjølv om området ligg inne med utbyggingsformål i gjeldande kommuneplan, dersom nasjonal jordvernstrategi har blitt skjerpa sidan området vart avsett til utbygging første gong.

#### **Signaldokument:**

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Tolgingsfråsegn Kommunal- og distriktsdepartementet: § 5-5 - Nye styringsdokumenter og spørsmålet om adgangen til å fremme innsigelse kan vere avskåret.

### **2.12.4 Revidert rundskriv om motsegn på miljøområdet**

Ny versjon av rundskriv T-2/16 om Miljøforvaltningas praksis om motsegn vart publisert 25.05.25. Rundskrivet klargjer kva som er spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional betydning eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning på klima- og miljøområdet.

Teksten er i stor grad justeringar av tidlegare rundskriv, men vi gjer særleg merksame på nye punkt knytte til overvatn, massehandtering og bygging over tregrensa. Vi *forventar* at kommunane set seg inn i rundskrivet.

#### **Signaldokument:**

- Miljøforvaltningens innsigelsespraksis, rundskriv T-2/16.

### **2.12.5 Jordvern i arealplanlegginga**


Bevaring av dyrka og dyrkbar jord er ei nasjonal interesse. Stortinget har slått fast at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 2000 dekar og at målet skal nås innan 2030. Fordi størstedelen av den dyrka jorda i Vestfold og Telemark ligg i beste klimasone, må vi vere særst varsame med å omdisponere. KOSTRA-tal for 2024 syner at det vart omdisponert 183 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk i Vestfold og Telemark. Av dette var 122 dekar dyrka jord.

Gjenbruk av allereie nedbygd areal og effektiv bruk av areala er viktig for å redusere omdisponering av nye areal. Jordvernet er løfta fram som eit overordna omsyn i arealplanlegginga.

Ein viktig del av arbeidet med jordvern, er å følge opp driveplikta på jordbruksareala, sjå punkt 2.11.2.

#### **Signaldokument:**

- Oppdatert nasjonal jordvernstrategi, vedteke i Stortinget i juni 2023
- Rundskriv M-1/1015 Nasjonal og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnpraksisen
- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal og distriktsministeren til kommunane og fylkeskommunane 29. januar 2024 Matjord og arealplanlegging i kommunane
- Prosjektside med informasjon og prosjektskildring: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/areal-ute-av-drift/>
- Temaside om driveplikt: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/matjord-jordvern-og-driveplikt/>



**Figur: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til alle føremål i Vestfold og Telemark. Kjelde: SSB KOSTRA (frå og med 2005) og Statsforvaltaren si landbruksavdeling (1991-2004).**

## 2.12.6 Naturmangfald i arealplanlegginga

I januar i år behandla Stortinget regjeringas naturmelding (Meld. St. 35 (2023-2024)). Naturmeldinga er Noregs handlingsplan for å hindre tap av natur og følge opp dei internasjonale forplikningane våre. Meldinga anerkjenner at arealendringar er den største trusselen mot naturmangfald på land, samtidig som det er ei stor kjelde til klimagassutslepp og gir tap av økosystemtenester. Meldinga fastset eit mål om å redusere nedbygging av særleg viktig naturareal. Dette er naturmangfald av nasjonal og vesentleg regional interesse, slik det er definert i rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet.

Naturmeldinga peikar på kommunen som ein sentral aktør. Vi viser særleg til kapittel 5.4 om heilskapleg og berekraftig arealforvaltning, og dessutan kapittel 6.1 om arealforvaltning, med tiltak og verkemiddel som skal bidra til å nå målet.

Naturmeldinga blir følgd opp i den nye SPR for arealbruk og mobilitet.

Vi *forventar* at særleg viktige naturverdiar blir varetekne i kommunane si planlegging.

Vi *forventar* at naturmangfald blir kartlagt i planarbeidet. Ved rullering av kommuneplanens arealdel *forventar* vi at alle nye byggeområde kartleggast for naturtypar etter NiN-metoden (Miljødirektoratets instruks). Vi understrekar at dette skal gjerast på kommuneplannivå. For byggeområde som frå tidlegare ikkje er kartlagde på kommuneplannivå, *forventar* vi at det blir gjort i reguleringsplanprosessane. Resultata frå kartlegginga må bli lagt til grunn i planarbeidet.

12. mai i år sende vi ut eit brev til alle kommunane i Vestfold og Telemark, der vi også skjerpa inn forventningane våre til artskartlegging i dei sakene der det er naudsynt for å sikre eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Vi utdjupa òg behovet for nødvendige utgreiingar av konsekvensar for naturmangfald i plansaker.

### Signaldokument:

- Naturmangfaldlova §§ 8- 12
- Rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*
- Meld. St. 35 (2023–2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur -Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

## 2.12.7 Villrein i arealplanlegginga

Kvalitetsnorm for villrein viser at berre eitt av Noregs 24 villreinområde har god kvalitet, og mange har dårleg kvalitet. Ei av dei største utfordringane for villreinen er bit-for-bit nedbygging og fragmentering av leveområda, og menneskeleg ferdsel.

I ny SPR for arealbruk og mobilitet heiter det i punkt 3.8 at arealplanlegginga skal bidra til å nå målet om ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Det skal vere ein høg terskel for inngrep i leveområda til villreinen. Dette følger opp føringane i Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein, der det også blir understreka at dette gjeld både for sjølve villreinområda og for områda utanfor villreinområda som påverkar areal som blir brukt av villreinen.

Regjeringas mål er å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og vidare å forbetre tilstanden i villreinområda i tråd med måla i kvalitetsnorma. Dette vil krevje ein stor innsats frå kommunane.

Vi *forventar* at kommunane legg svært stor vekt på omsynet til villreinen i arealplanlegginga si, gjennom å unngå ny utbygging innanfor leveområda til villreinen eller utbygging i randsona til leveområda som kan generere ferdsel inn i leveområda. Villrein må vere eit viktig tema i planvask.

### Signaldokument:

- Meld. St. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*, Kvalitetsnorm for villrein,

## 2.12.8 Strandsona langs sjø

Alle kystkommunane i Vestfold og Telemark ligg i sone 1 i statlege planretningslinjer for strandsona. Der er det særleg stort press på areala, og byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø *skal* handhevast strengt.

Dispensasjonar skal unngåast. Det er framleis behov for at kommunane skjerpar inn dispensasjonspraksisen sin i strandsona.

Vi vil framheve punkt 7 i dei statlege planretningslinjene for strandsona, der det heiter at kommunane ved revisjon av kommuneplanens arealdel *skal* vurdere om tidlegare vedtekne byggeområde i strandsona, som ikkje er utbygd, skal behaldast eller takast ut av kommuneplanen. Eldre reguleringsplanar som gir moglegheit for utbygging i strid med retningslinjene, *bør* reviderast eller opphevast.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal handheve byggeforbodet i 100-meterbeltet strengt. Dispensasjonar skal unngåast.

### Signaldokument:

- Plan- og bygningslova § 1- 8
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)

## 2.12.9 Gravplass i arealplanlegginga

Dersom det er aktuelt å sette av nytt areal til gravplass, må arealet tilfredsstillast krava i gravplassloven og gravplassforskrifta.

Arealet skal blant annet ikkje vere utsett for flaum- eller skredfare og det stilles konkrete krav til grunnvasstand og jordbotn. Reglane gjeld når det blir sett av nytt areal, men og ved planlegging av tiltak som grenser til gravplass.

Gravplassen har ein spesiell funksjon i samfunnet og er sårbar for endringar i omgjevnadene. Derfor er det ikkje alle arealformål som eignar seg som nabo til

gravplassen. Der ein planlegg utbygging eller fortetting nær gravplass, må konsekvensane for gravplassen vurderast. Støy, byggehøgder og innsyn, og moglege avbøtande tiltak som buffersoner og

byggegrensar, er tema som må bli vurdert tidleg i planlegginga.

## 2.13 Samferdsel

Eit godt tilrettelagt samferdselssystem kan bidra til utviklinga av berekraftige byar og lokalsamfunn, berekraftsmål nr. 11. Samferdsel kan óg planleggast på ein måte som reduserer klimagassutslepp, til dømes tilrettelegging for gang- og sykkelveggar (mål nr. 13). Men utbygging av samferdselssystem, til dømes jernbane, kan krevje store arealbeslag og dermed komme i konflikt med målet om varetaking av livet på land (mål nr. 15). Berekraft blir oppnådd ved å søke løysingar som avgrensar konfliktane.

Det er Statens vegvesen som har sektoransvar for å følge opp nasjonale oppgåver for heile vegtransportssystemet.

**Krav/pålegg:** Kommunane er forplikta til å sende alle arealplanar til Statens vegvesen til uttale. Kommunane har og plikt til å involvere vegvesenet i saker om avkøyrslar eller byggegrensar enten desse er med heimel i veglova eller arealplan etter plan- og bygningslova. § 21-5 i plan- og bygningslova er tydeleg på at kommunen skal legge saka fram for aktuelle myndigheiter.

### Signaldokument:

- V744 Nasjonale interesser Statens vegvesen skal ivareta i arealplanleggingen og bruk av innsigelse». Handboka finn ein på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

## 2.14 Gravplass

Forvaltning av gravplassar kan bidra til å styrke FN's berekraftsmål. Gravplassar er stad for gjennomføring av gravferd, sorgbearbeiding og som minnestad. Ved å legge gravplassane til område der folk bur og kvar ein kan reise kollektivt, sykle eller gå, kan gravplassforvaltning bidra til berekraftige byar og tettstader og samtidig redusera klimagassutslepp frå transport. Gravplassar kan óg leggast til rette for auka biologisk mangfald og dermed styrke berekraftsmål nr. 15 om livet på land.

Gravplassen er stad for gjennomføring av gravferd, sorgbearbeiding og samfunnets felles minnestad.

**Krav/pålegg:** I alle kommunane skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ein kvar tid er ledige graver for minst 3 prosent av befolkninga i kommunen.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplassmynden, regulere slikt areal etter kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesakshandsaming (plan- og bygningslova), jf. Gravplassloven § 2.

Arbeid med å sette av nytt areal til gravplass eller omdisponering av areal som ikkje er

realisert, *bør* inngå i revisjon av kommuneplanens arealdel. Den kommunale planstrategien *bør* derfor omfatte kartlegging av arealbehovet for gravplassane i kommunen.

Gravplassmyndigheita i kommunen er normalt kyrkjeleg fellesråd eller sokneråd i kommunar med eit sokn. Etter søknad frå kommunen kan Statsforvaltaren fastsette at ansvaret som lokal gravplassmyndigheit etter lova skal ligge til kommunen. Per i dag er det seks kommunar som har tatt over ansvaret som gravplassmyndigheit.

Kommunen har det økonomiske ansvaret for dei offentlege gravplassane i kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tenester i staden for å gi tilskot. Kommunen skal òg fastsette avgifter for gravplass, kremasjon og gravferd, etter forslag frå gravplassmyndigheita.

Kommunen treffer nødvendig avgjerd der det er usemje om kven som skal sørge for ei

gravferd. Den som sørger for gravferda skal bli gitt høve til å vere ansvarleg for grava, med mindre nokon etterlatne skriftleg krev spørsmålet avgjort av kommunen.

Avgjerdsmakta i desse to tilfella ligg i utgangspunktet hos kommunestyret, men myndigheita kan og *bør* delegerast i delegeringsreglementet. Kommunen skal òg sørge for gravferda dersom det ikkje er nokon attlevande som gjer det. Det *bør* avklarast på førehand kven i kommunen som skal utføre desse oppgåvene.

I arbeidet med beredskapsplanar *bør* kommunen vurdere tilhøve knytt til handtering, transport, oppbevaring, kremering og gravlegging av eit større tal avdøde, til dømes som følge av ein pandemi.

**Signaldokument:** Gravplasslova, gravplassforskrifta, rundskriv H-2/14 – retningslinjer for innsigelser i plansaker etter plan- og bygningslov.

## 2.15 FN-konvensjonen om menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om nedsett funksjonsevne (CRPD) er ratifisert, og konvensjonen skal inkorporerast i norsk lov.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal sette i verk CRPD i alle sektorar.

Kultur- og likestillingsdepartementet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har derfor sett i gang eit prosjekt frå 2023 kor

statsforvaltarane skal gi opplæring i konvensjonsrettane og korleis gjennomføre dei i alle sektorar i kommunane. Vi oppmodar kommunane til å delta på opplæringa. Sjå [film om](#) og [retteleiar til CRPD](#).

**Signaldokument:** [FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne \(CRPD\)](#).

## 2.16 Likestilling

Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) gir kommunane utvida aktivitets- og forklaringsplikt for likestilling og diskriminering.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal gjere greie for faktisk tilstand for kjønnslikestilling i verksemda og for arbeidet som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i likestillings- og diskrimineringslova.

Kommunane kan finne rettleiing om aktivt likestillingsarbeid og informasjon om relevante tilskotsordningar på likestillingsfeltet på Bufdir.no.

Kommunen *bør* vere merksam på Meld. St. 13 (2024–2025) Felles innsats mot ekstremisme: Betre vilkår for det førebyggjande arbeidet. Regjeringa sitt mål med ekstremismemeldinga er å styrke den førebyggjande innsatsen mot ekstremisme, på tvers av sektorar.

Regjeringa peikar i ekstremismemeldinga på at barnehagar og skular spelar ei sentral rolle i det førebyggjande arbeidet mot ekstremisme. Desse arenaene er viktige for å byggje opp barn og unge si motstandskraft mot antidemokratiske haldningar og påverknad.

Tidleg innsats er avgjerande. Gjennom å fremje demokratiske verdiar, kritisk tenking og respekt for mangfald, skal barnehagar og skular bidra til å førebygge radikalisering og ekstremisme. Dette arbeidet må vere ein naturleg del av den daglege verksemda i oppvekstsektoren.

Digital tryggleik er òg eit viktig satsingsområde. Barn og unge skal ha ein trygg og aktiv digital kvardag, der dei både får utvikle seg og blir verna mot skadeleg innhald og påverknad frå ekstreme miljø.

Demokratiopplæring skal styrkast. Gjennom opplæring i demokrati og medborgarskap skal barn og unge få kunnskap og ferdigheiter til å delta i samfunnet og stå imot udemokratiske krefter.

### Signaldokument:

- [Lov om likestilling og forbud mot diskriminering \(likestillings- og diskrimineringsloven\) - Lovdata](#)
- [Meld. St. 13 \(2024–2025\) - regjeringen.no](#)
- FNs kvinnekonvensjon
- FNs konvensjon mot rasediskriminering
- FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

## 3 Dialog og samarbeid

Ein grunnleggjande premis for å sikre ei samfunnsutvikling i tråd med FNs berekraftsmål, er å samarbeide. Berekraftsmål nr. 17 slår fast at styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn må jobbe saman for at måla skal kunne bli nådd.

Kommunedialogen er heilt sentral i virket til embetet. Møta mellom Statsforvaltaren og kommunane er viktige for å fremme statlege signal, men like mykje for å få kommunane sine tilbakemeldingar, som vi så kan ta vidare til departement og direktorat.

### Kommunedialog

Kommunedialogen i 2026 vil som tidlegare skje på både digitale og fysiske arenaer. Vi tar mellom anna sikte på å halde fram med nokre videomøte med ordførarar, kommunedirektørar og aktuelle fagpersonar.

I 2025 etablerte vi eit samarbeid med KS om desse møta, mellom anna på fredagsmøta i Vestfold, KS' strategikonferanse i Telemark og KS' haustkonferansar i begge fylka. Vi tek sikte på å vidareføre dette samarbeidet i 2026.

Vi vil framleis invitere til kommunesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen ein gong kvar valperiode, og elles ved behov, og oppfølging av regionråda i Telemark, både som politiske organ og som tenestefellesskap. I tillegg kjem utstrekt kontakt og dialog på fagnivået.

### Opplæring for folkevalde og administrasjon

Vi viser til vårt brev til kommunane våren 2023, der vi tilbød opplæring av folkevalde i

etterkant av valet hausten 2023, med utgangspunkt i sentrale tema der Statsforvaltaren har ei rolle.

Vi tilbyr framleis opplæring til kommunane om dette og om andre emne, der dei spør om det. Det gjeld både for dei folkevalde og for administrasjonen.

### Samordning av statlege tilsyn

Statsforvaltaren skal samordne statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar etter §§ 30-6 og 30-7 i kommunelova. Samordninga skal bidra til at planlagde statlege tilsyn er målretta, føreseielege og at dei bidrar til forbetring og læring. Samordninga skal òg omfatte den eigne kommunale kontrollverksemda.

Samordningsoppdraget vert handtert ved at statsforvaltarane har utpeika tilsynssamordnarar med ansvar for den regional samordninga gjennom et eige Tilsynsforum og tett dialog med kommunane. Den nasjonale samordninga og utviklinga av oppgåva gjennom det nasjonale Nettverket for samordnarar er òg eit viktig grep.

Eit viktig verktøy i tilsynssamordninga, inkludert dialogen med kommunane, er bruken av den nasjonale Tilsynskalenderen, der ein finn ein samla oversikt over dei planlagde statlege tilsyn og kontrollar og den kommunale eigenkontrollen. Her finn de òg rapportar frå tilsyn og revisjonar.

Meir informasjon finn de på våre heimesider:

<https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/kommunal-styring/tilsyn/>